



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

NIBIO RAPPORT | NIBIO REPORT

VOL.: 2, NR.: 75, 2016

Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert verksemd i Rogaland

Oppdaterte berekningar



Heidi Knutsen og Torbjørn Haukås, NIBIO, Divisjon for kart og statistikk.
Stine Kvamme, Katrine Gløtvold-Solbu og Merethe Lerfald, Østlandsforskning

TITTEL/TITLE**VERDISKAPING I LANDBRUK OG LANDBRUKSBASERT VERDISKAPING I ROGALAND****FORFATTER(E)/AUTHOR(S)****HEIDI KNUTSEN OG TORBJØRN HAUKÅS, NIBIO, STINE KVAMME, KATRINE GLØTVOLD-SOLBU OG MERETHE LERFALD, ØSTLANDSFORSKNING**

DATO/DATE:	RAPPORTENR./REPORT NO.:	TILGJENGELIGHET/AVAILABILITY:	PROSJEKTNR./PROJECT NO.:	SAKSNR./ARCHIVE NO.:
30.05.2016	2/75/2016	Åpen	10152	2015/550
ISBN-NR./ISBN-NO:		ISBN DIGITAL VERSJON/ISBN DIGITAL VERSION:	ISSN-NR./ISSN-NO:	ANTALL SIDER/NO. OF PAGES:
978-82-17-01648-9		Versjon 2	2464-1162	89
ANTALL VEDLEGG/NO. OF APPENDICES:		1		

OPPDRAUGSGIVER/EMPLOYER:**Rogaland Bondelag****KONTAKTPERSON/CONTACT PERSON:****Olav Sande****STIKKORD/KEYWORDS:****Verdiskaping, bruttoprodukt, sysselsetting, ringverknader, landbruk, Rogaland****FAGOMRÅDE/FIELD OF WORK:****Landbruksøkonomi****SAMMENDRAG/SUMMARY:****Sjå samandrag side 4****LAND/COUNTRY:****Norge****FYLKE/COUNTY:****Hordaland****KOMMUNE/MUNICIPALITY:****Bergen****STED/LOKALITET:****Bergen****GODKJENT /APPROVED****Geir Harald Strand****PROSJEKTLEDER /PROJECT LEADER****Heidi Knutsen****NAVN/NAME****NAVN/NAME****NIBIO**NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

FORORD

Landbruk og landbruksbasert verksemd er viktige for sysselsetting og verdiskaping i mange kommunar i Rogaland. Ulike aktørar treng kunnskap om kor viktig landbruket er for regionen.

I 2012 berekna Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning¹ verdiskaping frå jordbruk, skogbruk og landbruksbaserte tilleggsnæringar, og i 2013 gjorde Østlandsforskning ei ringverknadsanalyse for landbruk og landbruksbasert verksemd for Rogaland. På oppdrag frå Rogaland bondelag har Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) og Østlandsforskning oppdatert desse verdiskapingsberekingane for Rogaland med basis i tal frå 2014. Rogaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Rogaland har finansiert prosjektet.

NIBIO har hatt ansvar for berekningane for jordbruk og landbruksbaserte tilleggsnæringar, medan Østlandsforskning har hatt ansvaret for skogbruk og landbruksbasert industri. Heidi Knutsen (NIBIO) har vore prosjektleiar.

Bergen, 30.05.16

Heidi Knutsen

¹ Frå 1.7.2015 vart Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning ein del av Norsk institutt for bioøkonomi

SAMANDRAG

Landbruk og landbruksbasert verksemd er viktig for sysselsetting og verdiskaping i mange kommunar i Rogaland. Ulike aktørar treng kunnskap om kva landbruket har å seie for regionen. I 2012/2013 vart sysselsetting og verdiskaping frå jordbruk, skogbruk, landbruksbaserte tilleggsnæringer og landbruksbasert industri berekna med utgangspunkt i tal frå 2010. I dette notatet er desse berekningane oppdaterte med utgangspunkt i tal frå 2014. NIBIO har hatt ansvaret for jordbruk og landbruksbasert tilleggsnæring, medan Østlandsforskning har gjort berekningar for skog og landbruksbasert industri.

Det var i 2014 registrert 10 565 landbrukseigedomar i Rogaland, av desse hadde 7 428 busetting. I alt var 30 652 personar busette på ein landbrukseigedom i 2014. Medan talet på landbrukseigedomar i Rogaland er redusert med 1,5 prosent frå 2010 til 2014, er talet jordbruksføretak redusert med 6,8 prosent. Om lag 97 prosent av jordbruksføretaka søker produksjonstilskot.

Verdiskaping frå jordbruket i Rogaland rekna som bruttoprodukt, er berekna til 2,7 mrd. kr for 2014. Det er 90 mill. kr meir enn det som vart berekna for 2010 (målt i 2014 kr.). Sysselsettinga i jordbruket er berekna til 6 418 årsverk. Det er 84 årsverk, eller 155 400 timer mindre enn i 2010. Frå 2010 til 2014 er verdiskapinga auka med kr 19 300 per årsverk i jordbruket i Rogaland.

Av den totale verdiskapinga frå jordbruket i 2014, rekna som bruttoprodukt, kjem 44 prosent frå mjølkeproduksjon. Samanlikna med 2010, utgjer mjølkeproduksjon åtte prosentpoeng mindre av verdiskapinga i fylket. Kjøtproduksjon med ammekyr og sauehald har auka med to prosentpoeng og veksthus og planteskole med tre prosentpoeng. Svinehaldet har gått ned med eitt prosentpoeng, samanlikna med 2010.

Ryfylke er den delen av Rogaland som har høgst verdiskaping per innbyggjar med i gjennomsnitt kr 17 530. Finnøy er den kommunen som har høgst verdiskaping frå jordbruket pr. innbyggjar med kr 53 682, og bykommunane Stavanger og Haugesund som har lågast verdiskaping per innbyggjar med høvesvis kr 247 og kr 161. Gjennomsnittet for Rogaland ligg nær gjennomsnittet for Jæren med kr 5 926 pr. innbyggjar.

I 2014 vart det i Noreg levert 9,8 millionar m³ tømmer til skogindustrien. Avverkinga i Rogaland utgjorde 1,4 prosent av samla avverking. Verdiskapinga (bruttoproduktet) i skogbruket i 2014 i Rogaland er på 170 millionar kroner, kor Ryfylke hadde størst del av verdiskapinga med 43 prosent. Verdiskapinga frå Haugalandet, Jæren og Dalane utgjorde høvesvis 22, 19 og 17 prosent.

Knapt 350 personar hadde positiv næringsinntekt frå skogbruket i Rogaland i 2014.

Gjennomsnittleg næringsinntekt frå skogbruket var 33 000 kroner, mot 41 000 kroner på landsbasis. Inntekta frå skogbruket utgjorde 5 prosent av bruttoinntekta til skogeigarane i Rogaland. Nasjonalt utgjorde skogbruksinntektene 7 prosent av brutto inntekt.

Det er 49 prosent av jordbruksføretaka i Rogaland som driv tilleggsnæring, og det er relativt lågt samanlikna med andre fylke. Leigekjøring, utmarksnæring og utleige er dei vanlegaste tilleggsnæringerane. Verdiskaping frå tilleggsnæringer, rekna som bruttoprodukt, er berekna til 172,1 mill. kroner for Rogaland i 2014, og sysselsettinga er berekna til 246 årsverk.

Med grunnlag i vår analyse meiner vi det berre er verdiskapinga i næringsmiddelindustri og engrosverksemd med frukt og grønt som er avhengig av primærproduksjonen i fylket. Den

skogbaserte industrien er ikkje avhengig av vyrke frå fylket. Vi har estimert verdiskapinga for den landbruksbaserte industrien som er avhengig av primærproduksjonen til 2,5 mrd. kr.

Rogaland er det fylket i landet kor det er flest sysselsette i både jordbruket og næringsmiddelindustrien samanlikna med dei andre fylka i landet. Trass i det, er ikkje næringane relativt sett meir viktige for fylket enn i landet elles.

Sysselsettinga i næringsmiddelindustrien har vore relativt stabil sidan 2011, medan det har vore ein nedgang i jordbruket. Den største næringsmiddelindustrien er produksjon- og foredling av kjøt. Det er òg den industrien som har hatt størst vekst sidan 2011. Ein del av dei sysselsette i næringsmiddelindustrien er knytte til fiskeforedling, men det er òg ein del av dei som foredlar jordbruksprodukt, som ikkje er avhengig av jordbruket lokalt i Rogaland. Vi anslår at i 2014 var til saman 3 281 sysselsette i industrien avhengige av jordbruket i Rogaland. Skogbruket sysselset relativt få i Rogaland, medan det er relativt mange som er sysselsette innan trelast- og trevareindustrien.

Verdiskapinga i landbruksbasert industri varierer mellom kommunane. Verdiskapinga målt i kroner er størst i Stavanger og Hå, og over 80 prosent av verdiskapinga skjer på Jæren.

Dersom ein inkluderer både landbruk og landbruksbasert industri, skjer størstedelen av verdiskapinga i Rogaland på Jæren (70 prosent). Av kommunane er det Hå som har størst verdiskaping.

Samla verdiskaping frå jordbruk, skogbruk, tilleggsnæring og den landbruksbasert industrien som er avhengig av landbruket var 5,6 mrd. kr i 2014, 0,8 mrd. kr meir enn i 2010 (målt i 2014-kr).

INNHOLD

1 INNLEIING	8
1.1 Bakgrunn	8
1.2 OPPBYGGING AV RAPPORTEN	8
2 DEFINISJONAR, METODAR OG DATAGRUNNLAG	10
2.1 Jordbruk	11
2.1.1 Datagrunnlag for driftsformene.....	14
2.2 Skogbruk.....	16
2.3 Landbruksbasert tilleggsnærings.....	19
2.4 Landbruksbasert verksemd	19
3 VERDISKAPING OG SYSELSETTING I JORDBRUKET I ROGALAND	21
3.1 Utvikling i jordbruket 2010-2014	21
3.2 Verdiskaping frå jordbruket (bruttoprodukt).....	23
3.2.1 Produksjonsinntekter og kostnader.....	25
3.3 Verdiskaping frå ulike produksjonar	28
3.3.1 Mjølkeproduksjon.....	29
3.3.2 Sauehald.....	31
3.3.3 Svinehald.....	33
3.3.4 Egg og fjørfekjøt.....	35
3.3.5 Kjøtproduksjon på ammeku.....	38
3.3.6 Pelsdyr.....	39
3.3.7 Geitemjølk.....	40
3.3.8 Birøkt.....	41
3.3.9 Veksthus og planteskular.....	41
3.3.10 Planteproduksjon på friland	43
3.4 Sysselsetting i jordbruket	45
3.5 Verdiskaping per innbyggjar.....	48
3.6 Verdiskaping frå jordbruket i andre fylke	50
4 SKOGBRUKET	51
4.1 Verdiskaping i skogbruket	51
5 LANDBRUKSBASERT TILLEGGSNÆRING.....	57
1.1 Frekvens for ulike tilleggsnæringer	57
1.2 Verdiskaping i tilleggsnærings	59
1.3 Sysselsetting i tilleggsnærings	61
6 VERDISKAPING OG SYSELSETTING I LANDBRUKSBASERT VERKSEMD.....	64
6.1 Jordbruksbasert verksemd	64
6.2 Skogbruksbasert verksemd	73

6.3 Relatert verksemd	77
6.4 Verdiskaping i landbruksbasert industri som er avhengig av landbruket i Rogaland	78
7 SAMLA SYSELSETTING OG VERDISKAPING I LANDBRUKET I ROGALAND	80
KJELDER	83
VEDLEGG	85

1 INNLEIING

1.1 Bakgrunn

Landbruk og landbruksbasert verksemd er viktig for sysselsetting og verdiskaping i mange kommunar i Rogaland. Ulike aktørar treng kunnskap om kva landbruket har å seie for regionen. Det er trøng for kunnskap om samanheng i verdikjeda og betre kjennskap til dei verdiane som vert skapte i primærproduksjon og foredling av landbruksvarer.

Verdiskapinga i jordbruket på landsbasis vert dokumentert gjennom jordbrukets totalrekneskap som Budsjett nemnda for jordbruket utarbeider (til dømes BFJ 2015). For mindre geografiske område vert det ikkje utarbeidd tilsvarende utrekningar regelmessig. I 1999 gjennomførte NILF eit prosjekt der ein utarbeidde ein modell for berekning av verdiskapinga innan primærnæringane (tradisjonelt jord- og skogbruk) på fylkesnivå (Godli mfl. 1999). NILF og Østlandsforskning (ØF) gjennomførte i 2004 eit prosjekt der sysselsetting og verdiskaping i jordbruket i Hedmark vart dokumentert (Lien mfl. 2004). Kartleggingar basert på metodikken som vart utvikla av Lien mfl. (2004), er seinare nytta for fleire andre fylke og år. I 2012/2013 gjennomførte NILF og ØF to prosjekter for å belyse landbrukets økonomiske omfang i Rogaland (Knutson og Haukås 2012 og Lerfald og Alnes 2013). NILF gjennomførte verdiskapingsberekingar for jordbruk, skogbruk og landbruksbasert tilleggsnæring, medan ØF beregna verdiskaping frå landbruksbasert industri og gjennomførte ein analyse av ringverknader. Desse to prosjekta tok utgangspunkt i data frå 2010. I dette notatet vert resultat frå oppdaterte berekningar med utgangspunkt i data frå 2014 presenterte. Oppdateringa bygger i hovudsak på det same opplegget som for berekningane som ble gjort for 2010, men denne gongen vert resultata for jordbruk, skogbruk, landbruksbaserte tilleggsnæringar og landbruksbasert industri presenterte i ein samla rapport.

For berekningane for jordbruket vil metodikken som vert nytta ved oppdateringa, vere den same som vart nytta i 2010, medan for skogbruket vil ein nytte same metodikken som tidlegare har vore nytta for til dømes Buskerud (Knutson mfl. 2013b), Telemark (Knutson mfl. 2013a), Hordaland (Knutson mfl. 2015a) og Sogn og Fjordane (Knutson mfl. 2015b). Denne metodikken avviker noko frå den metodikken som vart nytta for 2010, men vil vere samanliknbar med resultata frå andre fylke.

Også for landbruksbaserte tilleggsnæringar er metoden som vert nytta, vidareutvikla etter at berekningane vart gjort for Rogaland i 2012. For fylka Buskerud, Telemark, Hordaland og Sogn og Fjordane er verdiskaping for landbruksbasert tilleggsnæring berekna på kommunenivå. Ved oppdatering av berekningane for Rogaland vert same metode som for desse andre fylka nytta, og resultata vert presenterte på kommunenivå.

Berekningar av verdiskaping og sysselsetting i landbruksbasert industri vert oppdaterte etter mal frå 2010.

1.2 Oppbygging av rapporten

Kapittel 2 inneheld definisjonar, metodar og datagrunnlag for berekning av verdiskaping og sysselsetting i jordbruk, skogbruk, landbruksbasert tilleggsnæring og landbruksbasert industri. I kapittel tre er resultata for jordbruket for 2014 viste og samanlikna med berekningane for 2010.

Resultata for skogbruket er viste i kapittel 4 og landbruksbasert tilleggsnæring i kapittel 5. I kapittel 6 er det verdiskaping og sysselsetting i landbruksbasert industri som er vist. I kapittel 7 er resultata frå primærproduksjonen og den landbruksbaserte industrien samanstilt. Heilt sist i rapporten er det samla vedlegg med fleire tal enn det som er presentert i sjølve teksten. Som tillegg til rapporten, er eigne sider for kvar kommune samla i eit eige dokument som kan lastast ned og nyttast uavhengig av rapporten.

2 DEFINISJONAR, METODAR OG DATAGRUNNLAG

I nasjonalrekneskapen og i rekneskap med basis i nasjonalrekneskapen, vert bruttoprodukt nytta som uttrykk for verdiskaping. Bruttoprodukt er verdien av produserte varer og tenester minus vareinnsatsen. Kapitalslit (avskrivingar) er ikkje trekte frå. Produktstøtte, til dømes prisstøtte, er med i bruttoproduktet, men ikkje støtte som ikkje kan relaterast direkte til eit produkt. Sjå til dømes Statistisk sentralbyrå (2014) for ei forklaring av dei ulike omgrepa i nasjonalrekneskapen.

I jordbruket er det fleire støtteordningar som ikkje er avhengige av produsert mengde, til dømes husdyrtilstot, arealtilskot, kulturlandskapstilstot og investeringsstøtte. Slike tilskot vil ikkje verte rekna med i verdiskapringa i nasjonalrekneskapen. Dei er likevel viktige for inntektene i jordbruket og for inntektsverknaden i andre næringar. Ein kan også argumentere med at overføringane til jordbruket er betaling for produksjon av fellesgode, slik at ein kan sjå på omfanget av overføringane som eit mål på korleis samfunnet verdset produksjon av fellesgode reint økonomisk. I modellen for utrekning av verdiskaping i jordbruket har vi valt å ta med alle støtteordningane, og avvik derfor frå berekningane i nasjonalrekneskapen.

Ved berekningane av verdiskaping for jordbruket i Rogaland vart det i 2012 nytta nettoprodukt som uttrykk for verdiskaping. Fordi det for mange andre næringar er vanleg å nytte bruttoprodukt for å vise verdiskaping, har ein gått over til å nytte dette omgrepet også for jordbruket. I denne rapporten er det derfor bruttoprodukt (medrekna tilskot) ein nyttar for å vise verdiskaping.

Bruttoprodukt er betaling for arbeidsinnsats og forrenting av investert kapital.

Inntektene er delte i to, marknadsinntekter og offentlege tilskot. Marknadsinntektene er inntekter fra sal av jordbruksprodukt, eksklusive pristilstot. Leigeinntekter for bruk av traktor og reiskap m.m. inngår i marknadsinntektene. Offentlege tilskot inkluderer alle tilskot, slik som areal- og kulturlandskapstilstot, produksjonstilstot for husdyr, driftstilstot for mjølkeproduksjon, distrikts- og grunntilstot, avløysarrefusjon og diverse andre tilskot.

**VERDISKAPING =
BRUTTOPRODUKT**
Sum inntekter
+Familiens arbeid på nyanlegg
- Sum kostnader før avskrivingar
+Kostnader til leigd hjelpe
+Kostnader til jordleige
=Bruttoprodukt inkl. tilskot
- Sum avskrivingar
=Nettoprodukt inkl. tilskot


Ved presentasjon av resultata er Rogaland delt inn i fire regionar: Jæren², Ryfylke³, Haugalandet⁴ og Dalane⁵.

² Jæren: Sandnes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Gjesdal, Sola og Randaberg

³ Ryfylke; Forsand, Strand, Hjelmeland, Suldal, Sauda, Finnøy, Rennesøy og Kvitsøy.

⁴ Haugalandet: Haugesund, Bokn, Tysvær, Karmøy, Utsira og Vindafjord

⁵ Dalane: Eigersund, Sokndal, Lund, og Bjerkreim



Figur 1 Regioninndeling Rogaland

2.1 Jordbruk

Verdiskaping og sysselsetting er berekna på kommunenivå. I desse berekningane inngår tradisjonell produksjon av jord- og hagebruksvarer, inkludert veksthusproduksjon, pelsdyr og birøkt.

Utgangspunktet for berekningane for jordbruket er dyretal og arealtal for 2014. Dette er det siste året det føreligg økonomiske data for. I hovudsak er det nytta to datakjelder som bakgrunn for berekningane, Landbruksdirektoratets tilskotsdatabase og NIBIOS driftsgranskingar i jord- og skogbruk.

Landbruksdirektoratet har i sin tilskotsdatabase oversikt over alle jordbruksbedrifter som har mottatt produksjonstilskot. Tal frå denne databasen er nytta for å få tal dyr og tal for areal for ulike vekstar for dei enkelte kommunane i 2014. Tabell 1 viser teljedato og produksjonskode for data frå Landbruksdirektoratet.

Tabell 1 Data fra tilskotsregisteret til Landbruksdirektoratet (LD), kode og teljedata

Produksjon	Kode LD	Søknads-omgang	Teljedata
Mjølkekyr	120	141510	31.07.2014
Ammekyr	121	141510	31.07.2014
Anna storfe	119	141510	31.07.2014
Sauer	137+138+133	131420	01.01.2014
Mjølkegeiter	140	141510	31.07.2014
Purker	155+158	141510	31.07.2014
Slaktegris	184	141520	01.01.2015
Verpehøner	160	141510	31.07.2014
Kyllingar	186	141520	01.01.2015
Ender	187	141520	01.01.2015
Kalkunar	188	141520	01.01.2015
Grovfôr inkl innmarksbeite	210–213	141510	31.07.2014
Poteter og grønsaker på friland	230+264	141510	31.07.2014
Frukt og bær	272–283	141510	31.07.2014
Korn	235–247	141510	31.07.2014
Birøkt	194	141510	31.07.2014
Planteskole	285	141510	31.07.2014
Pelsdyr	170+171+anna kjelde	131420	01.01.2014

Statistisk sentralbyrå (SSB) oppgjev tal jordbruksbedrifter i Rogaland til å vere 4 476 i 2014⁶.

Ifølgje tilskotsdatabasen var det 4 341 jordbruksbedrifter frå Rogaland som søkte om tilskot i 2014. Det er altså ein del bruk som ikkje får produksjonstilskot. Det er rimeleg å rekne med at dei jordbruksbedriftene som ikkje søker eller ikkje oppnår tilskot, er svært små i økonomisk omfang, og at også arbeidsinnsatsen på desse brukna er låg. Det kan også vere bruk med produksjon som ikkje har krav på tilskot, som til dømes spesialisert produksjon av pelsdyr. Utgangspunktet for berekning av verdiskaping er det dyretalet og arealet det er søkt om tilskot til.

Det økonomiske datagrunnlaget er i hovudsak henta frå NIBIO sine driftsgranskinger i jord- og skogbruk for rekneskapsåret 2014. Gjennomsnittstal for ulike driftsformer er lagt inn i modellen for å kunne berekne verdiskaping for kvar driftsform. Driftsgranskingerne dekkjer berre jordbruksbedrifter som er yrkesmessig drivne, og som har standard omsetning⁷ på minst kr 150 000. Det er altså produksjonsomfanget, ikkje det økonomiske resultatet på det enkelte bruket, som er kriterium for utvalet. Derfor vert gjennomsnittleg bruksstorleik for dei fleste produksjonar og regionar noko større i driftsgranskingerne enn kva som er realiteten.

I driftsgranskingerne er Rogaland delt mellom to regionar, Jæren og Agder og Rogaland andre bygder. I modellen er det hovudsakleg data frå bruk i Rogaland som er nytta for hovudproduksjonane i jordbruket. For å ta omsyn til ulike produksjonstilhøve og ulike satsar for arealtilskot, er

⁶ SSB Statistikkbanken (a) tabell 03312: Jordbruksbedrifter

⁷ Standard omsetning er normerte tal for omsetning av produkt. Dette er totale utrekna inntekter utan tilskot, og er det same prinsippet som EU-statistikken byggjer sitt utvalet på.

det også i modellen skilt mellom Jæren⁸ og resten av Rogaland for dei fleste produksjonane. Det er for få bruk frå Rogaland med i driftsgranskingane til at ein kan basere økonomiske data berre på desse bruka. Datagrunnlaget er derfor supplert med data frå andre regionar med om lag same driftstilhøve som ein finn i Rogaland, dette gjeld særleg dei kraftförbaserte produksjonane. Der det har vore nødvendig å supplere med data frå bruk i andre regionar som har andre satsar for tilskot o.l., er det korrigert for dette.

For nokre produksjonar er det ikkje tilstrekkelig utval i driftsgranskingane. For desse produksjonane er det nytta kalkylar, eller kalkylar supplert med data frå driftsgranskingane. For planteskole og veksthusproduksjon, er det nytta dels kalkylar, dels faktiske rekneskapstal henta frå proff.no.

I Rogaland er det vanleg med fleire driftsgreiner på same bruket, som mjølk- og sauehald, hagebruk eller kornproduksjon kombinert med husdyrhald, eller andre kombinasjonar. I ein modell er det ikkje mogleg å ta omsyn til alle moglege kombinasjonar. I modellen er det derfor i større grad nytta økonomiske data frå einsidig produksjon enn det ein finn i praksis. I tillegg til at modellen set nokre grenser for kor stor kompleksitet ein kan leggje inn, må ein også tilpasse økonomiske data til dei driftsformene ein finn i driftsgranskingane. Ved å nytte gjennomsnittstal frå faktiske bruk som grunnlag for berekningane i ein modell, vil det alltid vere enkelte variablar ein ikkje klarer å treffe innanfor ein akseptabel feilmargin. Til dømes for mjølkekyr, tek ein utgangspunkt i tal kyr. Samstundes skal ein i modellen også komme fram til om lag rett produksjon og arealbruk for fylket. Det er derfor nødvendig å gjere enkelte korrigeringar av dei data som vert lagde inn i modellen.

Tal bruk som utgjer grunnlaget for dei økonomiske berekningane i modellen, er om lag likt som det faktiske talet på bruk. I 2014 var det 4 371 som fekk produksjonstilskot. I modellen er tal bruk 4 350. For nokre produksjonar, til dømes sauehald, er bruka i modellen større enn gjennomsnittet i fylket, medan for svinehald og mjølkesamdrifter er bruka i modellen mindre enn gjennomsnittet i fylket. I sum er tal husdyr og areal av salsavling dei same som LD har utbetalt tilskot til.


Bruka i modellen hadde noko meir grovför enn det som er tilgjengelig i fylket. For å få rett grovför-areal vart derfor arealet for dei grovförbaserte produksjonane justert noko.

For sum tilskot som kan samanliknast direkte med kva som er utbetalt frå LD, areal- og kulturlandskapstilskot, produksjonstilskot til husdyr, driftstilskot til mjølkeproduksjon og tilskot til kjøtfeproduksjon og botnfrådrag, vert tilskot berekna i modellen 2,1 prosent for høgt. Dette avviket er vurdert til å vere akseptabelt. For 2010 var tilsvarande avvik 2,4 prosent.

Økonomien i jordbruksvarierer frå år til år. 2014 vart eit betre år enn 2013, men noko dårlegare enn 2012. 2010 var eit noko dårlagare år enn dei tre føregåande åra, målt som driftsoverskot per bruk. Figur 2 viser inflasjonsjustert driftsoverskot i gjennomsnitt per bruk for bruken i Rogaland samanlikna med gjennomsnittet for landet. Det økonomiske datagrunnlaget som er henta frå

⁸ Kommunane Sandnes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Sola og Randaberg er rekna som Jæren i modellen. I driftsgranskingane er også kommunane Finnøy og Rennesøy rekna som ein del av Jæren, medan dei her er ein del av Ryfylke

driftsgranskingane, viser resultata frå det aktuelle året (2014). Dette må ein ta omsyn til når ein vurderer resultata og samanliknar med berekningane frå 2010.



Figur 2 Driftsoverskot i jordbruket 2006–2010, Rogaland

Deltakarane i driftsgranskingane skal registrere arbeidstid kvar veke. I modellen er det desse registreringane som er grunnlaget for berekning av sysselsetting i jordbruket.

2.1.1 Datagrunnlag for driftsformene

For alle driftsformene er det teke omsyn til ulike tilskotssoner for dei to regionane Rogaland er delt inn i, Jæren som er samansett av kommunane som ligg i sone 2 for arealtilskot, og resten av kommunane i Rogaland som ligg i sone 3 og 4. I driftsgranskingane er Rogaland delt på to regionar, 21 «Jæren» og 22 «Agder og Rogaland andre bygder». For dei aller fleste driftsformene i modellen er det ulikt talgrunnlag for Jæren og for resten av Rogaland (Ryfylke, Haugalandet og Dalane).

Mjølkeproduksjon, ku

For mjølkeproduksjon er brukar delte inn to regionar, Jæren og resten av Rogaland. Vidare er brukar delte inn i tre grupper i kvar region; mindre enn 20 kyr, 20 kyr eller meir og samdrifter. For å få tilstrekkelig tal bruk i gruppa med mindre enn 20 kyr på Jæren, er det supplert med bruk frå region 22, korrigert for ulike tilskotssoner. For dei andre gruppene er det nytta data frå høvesvis region 21 og region 22 i driftsgranskingane. I 2010 vart det ikkje gjort berekningar for ulike storleiksgrupper for mjølkeproduksjon.

Mjølkeproduksjon, geit

Det er få bruk i driftsgranskingane med geit som hovudproduksjon. Det er derfor nytta tal frå Aust- og Vestlandet, korrigert for avlingsnivå og tilskot.

Kjøtproduksjon, ammeku

For kjøtproduksjon på ammeku er det nytta tal for Rogaland og Agder (region 22 i driftsgranskingane). For Jæren er det korrigert for avlingsnivå og tilskot.

Sauenhald

I driftsgranskingane er det få bruk frå Jæren med sauenhald som hovudproduksjon. Det er derfor supplert med data frå bruk frå flatbygdene på Austlandet, korrigert for tilskottsoner. For resten av fylket er det nytta data frå region 22 i driftsgranskingane.

Fjørfekjøt

Landstal, korrigert for sideproduksjonar

Eggproduksjon

Landstal, korrigert for sideproduksjonar

Svinehald

Landstal, korrigert for sideproduksjonar

Potet og grønsaker på friland

Bruk frå Rogaland og Agder. Korrigert for avlingsnivå og tilskot.

Frukt og bær

Bærproduksjonen i Rogaland er i hovudsak konsentrert på Jæren, medan fruktproduksjonen i hovudsak er i Ryfylke. For bærproduksjon er det nytta kalkylar i kombinasjon med data frå driftsgranskingane, medan det er nytta tal frå bruk med fruktproduksjon på Vestlandet for fruktproduksjonen i Ryfylke.

Kornproduksjon

Det er lite kornproduksjon i Rogaland. Ein har derfor nytta data frå bruk med einsidig kornproduksjon frå flatbygder på Austlandet, med nokre korrekjonar for å ta omsyn til ulike produksjonstilhøve og tilskottsoner.

Veksthus og planteskule

Veksthusproduksjon av tomat og agurk er basert på data frå Landbruksdirektoratet og økonomiske data frå bruk i driftsgranskingane, supplert med faktiske rekneskapstal henta frå proff.no. For anna veksthusproduksjon er det svært vanskeleg å finne opplysningar om omfang og type vekstar. Den siste hagebrukstellinga (SSB) var i 2007, og det er ikkje nyare data tilgjengeleg. Det er derfor gjort søk i ulike register, for å finne føretaka som driv slik produksjon. Økonomiske data er i hovudsak henta frå proff.no. Ein del av endringane i verdiskaping for veksthusproduksjon skuldas derfor truleg at ein ikkje har klart å fange opp alle som driv slik produksjon.

For planteskule er det nytta data frå Landbruksdirektoratet og økonomidata frå driftsgranskingane og proff.no for føretak i fylket.

Birøkt

Omfang er henta frå Landbruksdirektoratet. Økonomiske data frå kalkylar.

Pelsdyr

Omsetningsdata frå pelsdyrnæringa er henta frå Norges Pelsdyralslag kombinert med data frå produksjonstilskotsregisteret til Landbruksdirektoratet. Økonomidata er henta frå driftsgranskingane og frå kalkyler i NIBIOS handbok for driftsplanlegging.

Tabell 2 viser tal dyr og areal frå Landbruksdirektoratet som er lagt inn i modellen, og gjennomsnittleg storleik på brukta i modellen og gjennomsnittet for fylket.

Tabell 2 Tal dyr og areal i Rogaland 2014, bruk som søker produksjonstilskot, bruk i modellen og gjennomsnittleg storleik

	Tal dyr/dekar (PT-900)	Tal bruk i modell	Gjennom- snitt per bruk modell	Tal søker (LD)	Gjennom- snitt per bruk (LD)
Mjølk, < 20 kyr	6 104	438	14	432	14
Mjølk, > 20 kyr	20 336	647	31	648	31
Mjølk, samdrift	13 614	290	47	251	54
<i>Sum mjølkeproduksjon</i>	<i>40 054</i>	<i>1 374</i>	<i>29</i>	<i>1 331</i>	<i>30</i>
Mjølk, geit	1 285	11	120	12	107
Kjøtproduksjon ammeku	9 259	395	23	701	13
Sauenhald	213 010	1 341	159	2 592	82
Svin	25 740	586	44	266	97
Egg	1 147 695	171	6 730	282	4 070
Fjørfekjøt	14 245 655	124	115 320	126	113 061
Frukt og bær	1 295	32	40	74	18
Korn	18 604	76	246	180	103
Grønsaker og potet	15 187	111	136	214	71
Veksthus, tomat og agurk	---	79		63	
Birøkt	2 125	51	42	51	42
		4 350		4 341	

Kjelde: Landbruksdirektoratet, PT-900 søknadsomgang 131420, 141510 og 141520

2.2 Skogbruk

Berekninga av verdiskapinga i primærskogbruket tek utgangspunkt i SSBs totalrekneskap for skogbruk og tenester knytte til skogbruk. Denne statistikken vart publisert kvart år for landet fram til 2012. Av SSB-notat 17/2012 går utrekningsgrunnlaget for skogbruksnæringa fram i nasjonalrekneskapen (Zahirovic, 2012). Metoden som blir nytta for å rekne ut verdiskapinga frå skogbruket, svarer til den som vart nytta for tilsvarande berekning for Hedmark og Oppland (Lien m.fl., 2012 og Lerfald m.fl., 2012). Oppsettet frå SSB for å rekne ut bruttoproduktet i skogbruket går fram av tabell 3. I dei tilsvarande berekningane har også uttak av energiflis vært inkludert. Fordi støtteordninga for uttak av energiflis vart avvikla i 2013, er energiflis utelatt i denne berekninga.

Tabell 3 Totalrekneskap for skogbruk og tenester knytte til skogbruk

Tømmer for sal
+ Vyrke til eige bruk
+ Vyrke til ved (heile lengder)
+ Juletre og pyntegrønt
+ Jakt
+ Nettotilvekst
= Skogprodukt i alt
+ Produksjon av tenester i tilknyting til skogbruket
+ Investeringsarbeid utført med eigne produksjonsfaktorar (inkludert verdien av eige arbeid ved skogkultur og ved bygging av skogsveier)
= Produksjon
- Produktinnsats
= Bruttoproduktet i skogbruket

Metoden som er lagt til grunn for å rekne ut verdiskapinga går fram av tabell 4 (målt som bruttoprodukt i skogbruket i Rogaland og kommunane i dette fylket). Av tabellen går det fram at det i liten grad finst spesifikk kommunefordelt statistikk for elementa som er ein del av totalrekneskapen når dette skal fastsetjast for eit fylke og ein kommune.

Når det gjeld skogprodukt blir det publisert kommunefordelt statistikk for bruttoverdi av avverking tømmer for sal. For dei andre elementa som er ein del av skogprodukt, er det varierande grad av uvisse knytte til estimata.

For produksjon av tenester, investeringsarbeid utført med eigne produksjonsfaktorar og produktinnsats, fangar vi i liten grad opp variasjonar mellom kommunane. Etter denne modellen blir bidraga fordelte etter avverking og ikkje etter kommunen dei høyrer heime i.

Tabell 4 Berekningsmetode totalrekneskapen i skogbruket for Rogaland og kommunane i fylket

Element	Metode
Tømmer for sal	SSBs kommunefordelte bruttoverdi. Avverking for sal 2014.
Vyrke til eige bruk	Tek utgangspunkt i SSBs estimat for landet og blir fordelt etter avverkingsandalar.
Vyrke til ved	Avverkingsstatistikk for fordelt per kommune er lagd til grunn. Vyrke til ved utgjer i følge Fylkesmannen i Rogaland 20 000 m ³ i tillegg til 15 000 m ³ til eige bruk. Blir fordelt som avverkingsstatistikken.
Juletre og pyntegrønt	Total verdi frå SSB er fordelt i forhold til areal per fylke basert på medlemmer i Norsk juletre. Det er forutsett lik produksjon per produsent. Verdien per fylke er kommunefordelt ved å leggje til grunn talet på produsentar med produksjon og sal av juletre og pyntegrønt som tilleggsnæring etter tal frå Norsk juletre.
Jakt	Utrekningane tek utgangspunkt i kommunefordelt statistikk for felte elg, felte hjort, felte rådyr og talet på småviltjegerar samt tillatne felte dyr per villreinområde.
Netto tilvekst	Brutto tilvekst fråtrekt all avgang i løpet av året, dvs. naturleg avgang, avverking av tømmer for sal, eige bruk og vyrke til ved, vraka vyrke på industritomt og kapp, bult og topp. Dersom negativ netto tilvekst for ein kommune, er denne sett lik null. Verdi er rekna ut som gjennomsnittspris/m ³ fråtrekt gjennomsnittleg kostnad for avverking anslått av Vestskog.
Produksjon av tenester i tilknyting til skogbruket	Dette er m.a. kostnader med entreprenørar inklusive uttak av biobrensel, tømmermåling samt investeringar i skogkultur, skogsvegar og skogbruksplanar. Manglande data gjer at vi har valt å leggje til grunn forholdet mellom produksjon av tenester i tilknyting til skogbruket og bruttoverdi avverking tømmer for sal i totalrekneskapen for landet som grunnlag for å slå fast denne verdien på fylkes- og kommunenivå. Dette forholdet er valt da ein må kunne gå ut frå ein samanheng mellom desse tenestene og aktivitet i skogen uttrykt i form av avverking.
Investeringsarbeid utført med eigne produksjonsfaktorar	Dette omfattar m.a. verdien av eige arbeid ved skogkultur og ved bygging av skogsbilvegar. Manglande data gjer at vi har valt, som for produksjon av tenester, å leggje til grunn forholdet mellom investeringsarbeid utført med eigne produksjonsfaktorar og bruttoverdi avverking tømmer for sal i totalrekneskapen for landet som grunnlag for å slå fast denne verdien på fylkes- og kommunenivå. Dette forholdet er valt da ein må kunne gå ut frå ein samanheng mellom dette arbeidet og aktivitet i skogen uttrykt i form av avverking.
Produktinnsats	Dette omfattar m.a. leige av maskinar og reiskap frå jordbruket, andre varer og tenester, reparasjon og vedlikehald og tenester i tilknyting til skogbruket inklusiv uttak av bioenergi. Manglande data gjer at vi har valt, som for produksjon av tenester, å leggje til grunn forholdet mellom produktinnsats og bruttoverdi avverking tømmer for sal i totalrekneskapen for landet som grunnlag for å slå fast denne verdien på fylkes- og kommunenivå. Dette forholdet er valt da ein må kunne gå ut frå ein samanheng mellom denne innsatsen og aktivitet i skogen uttrykt i form av avverking.

2.3 Landbruksbasert tilleggsnæring

I driftsgranskingane i jord- og skogbruk vert tilleggsnæring definert som «næringsverksemd utanom tradisjonelt jord- og skogbruk med basis i ressursane på bruket». Det gjeld innsats av areal, bygningar, maskinar etc., medan personressursar eller kompetanse ikkje inngår. SSB definerer tilleggsnæring omtrent på same måten som NIBIO, men har også med pelsdyr, børøkt og utleige av jord til jordbruksføremål som tilleggsnæring. Dette vert definert som jordbruk i driftsgranskingane, og er med i berekninga av verdiskaping frå jordbruket.

For tilleggsnæring er det ikkje offentleg statistikk som inneholder data om type tilleggsnæring, omfang og kor mange som driv (frekvens). Verdiskapingsberekinga for tilleggsnæring vert derfor usikker samanlikna med jordbruket, der ein kan nytte produksjonstilskotsdatabasen for å finne denne typen data. I landbruksteljinga 2009/2010 vart tilleggsnæring kartlagt (SSB 2013). Dette er det siste året det føreligg data om frekvens for tilleggsnæring på kommunenivå. Frå 2010 til 2014 er talet bruk i Rogaland redusert. Som utgangspunkt for frekvens av ulike tilleggsnæringar er det derfor nytta data frå ei spesalkjøring frå landbruksteljinga (SSB 2016), men korrigert for nedgang i tal bruk.

I landbruksteljinga har SSB tal for tal bruk som driv tilleggsnæring og kva tilleggsnæringar som vert drivne, men dei har ikkje spurt om omfanget. Ein må anta at dei som definerer verksemda si som tilleggsnæring, driv i eit visst omfang. I driftsgranskingane vert all tilleggsnæringsaktivitet registrert, også der omfanget er svært lite og brukaren sjølv truleg ikkje vil definere aktiviteten som tilleggsnæring. Før data frå driftsgranskingane vart nytta i berekningane, vart derfor bruk med omsetnad mindre enn kroner 5 000 tekne ut. Utval av bruk til driftsgranskingane er basert på representativitet for jordbruket. Det er derfor ikkje sikkert at omfanget av tilleggsnæring i driftsgranskingane er representative for omfanget av tilleggsnæring på fylkesnivå. For å ha eit så stort datagrunnlag som mogleg for dei økonomiske data, er det brukt landstal for dei ulike tilleggsnæringane. Når ein tolkar berekningane for tilleggsnæring, må ein ta omsyn til at utgangspunktet for tala for frekvens er frå 2010 og at det ikkje er mogleg å vite om omfanget på tilleggsnæring i driftsgranskingane er representativt for heile populasjonen. Likevel vil resultata gi ein god peikepinn på kor stor verdiskaping som kjem frå landbruksbasert tilleggsnæring.

I 2010 vart tilleggsnæring berekna på fylkesnivå. Det finst derfor ikkje samanlikningstal på kommunenivå for tilleggsnæring. Også metodisk skil berekninga for 2014 seg frå det som vart gjort for 2010, men er tilsvarende berekningane som vart gjort for Buskerud (Knutsen mfl. 2013a), Telemark (Knutsen mfl. 2013b), Hordaland (Knutsen mfl. 2015a) og Sogn og Fjordane (Knutsen mfl. 2015b).

2.4 Landbruksbasert verksemد

Sysselsetting innanfor jordbruk, skogbruk og foredlingsindustri er presentert på grunnlag av SSBs kommunefordelte sysselsettingsstatistikk etter arbeidsstad. Til grunn for vurderingane ligg SSBs sysselsettingstal for næringskodane 01 Jordbruk, 02 Skogbruk, 10 Næringsmiddelindustri, 16 Trelast- og trevareindustri, 17 Papir- og papirvareindustri og 31 Møbelindustri.

For å rekne ut verdiskaping i landbruksbasert industri som er avhengig av landbruket i Rogaland, har vi i dette prosjektet lagt til grunn tilsvarende metode som den vi la til grunn for tilsvarende

utrekning for Hedmark og Oppland (sjå Lien mfl. (2012) og Lerfald m. fl. (2012)) og tidligare rapport for Rogaland.

Berekninga tek utgangspunkt i siste offentlege tal publisert for fylkesfordelt BNP fordelt på næringsgrupper (2013), samt sysselsetting etter arbeidsstad 2013, per næring og kommunefordelt. Dette utgjer grunnlag for ei utrekning av verdiskaping per sysselsett innanfor den einskilde næringa. Det er vidare føresett likt bruttoprodukt per sysselsett innanfor den einskilde næringa. Kommunefordelt bruttoprodukt blir rekna ut på grunnlag av kommunefordelt sysselsetting innanfor den einskilde næringa. Vidare reknar vi ut bruttoprodukt for næringar som er avhengig av landbruket, ved å ta utgangspunkt i talet på sysselsette med avhengnad av landbruket, jamføre føregåande delkapittel.

3 VERDISKAPING OG SYSELSETTING I JORDBRUKET I ROGALAND

3.1 Utvikling i jordbruket 2010-2014


Det var i 2014 registrert 10 565 landbrukseigedomar i Rogaland, av desse hadde 7 428 busetting. I alt var 30 652 personar busett på ein landbrukseigedom i 2014. Medan talet på landbrukseigedomar i Rogaland er redusert med 1,5 prosent frå 2010 til 2014, er talet jordbruksføretak redusert med 6,8 prosent. Om lag 97 prosent av jordbruksføretaka søker produksjonstilskot.

Frå 2010 til 2014 gjekk talet mottakarar av produksjonstilskot ned frå 4 657 til 4 341. I same perioden gjekk det dyrka arealet ned frå 557 815 dekar til 553 349 dekar, medan innmarksbeite auka frå 439 971 til 441 297 dekar. Det totale jordbruksarealet i drift vart redusert med 3 140 dekar (0,3 prosent) til 994 646 dekar frå 2010 til 2014. Gjennomsnittsarealet per bruk har auka frå 214 dekar til 229 dekar.


Rogaland er eit viktig fylke når det gjeld matproduksjon. Sjølv om talet jordbruksføretak har gått ned frå 2010, har Rogland om lag same del av jordbruksproduksjonen som i 2010. Jordbruksarealet utgjer framleis 10 prosent av jordbruksarealet i landet. Også delen mjølkekyr og purker er oppretthalden. Rogaland har 18 prosent av mjølkekyrne og 28 prosent av slaktegrisane. Delen slaktekyllingar er ca. 19 prosent, og uendra frå 2010. Innan veksthusproduksjonane tomat og agurk har Rogaland fått ein større del av produksjonen. I 2014 kom ca. 90 prosent av dei norske produserte tomatane frå fylket.



Foto: © Solveig Oie



Figur 3 Kart: endring i jordbruksareal i drift fra 2010 til 2014




Figur 4 Kart: Areal i drift 2014, dekar

3.2 Verdiskaping frå jordbruket (bruttoprodukt)

Verdiskaping frå jordbruket i Rogaland rekna som bruttoprodukt, er berekna til 2,7 mrd. kr. Det er 90 mill. kr meir enn det som vart berekna for 2010 (målt i 2014 kr.).


Av den totale verdiskapinga frå jordbruket i Rogaland, kjem 59 % frå kommunane på Jæren, 18 % frå Ryfylke, 13 % frå Haugalandet og 10 % frå Dalane⁹. Hå, Klepp, Time og Sandnes er dei fire kommunane med høgast verdiskaping frå jordbruket med høvesvis 473,9 mill. kr, 408 mill. kr, 208,6 mill. kr og 205,9 mill. kr.

Sysselsettinga i jordbruket er berekna til 6 418 årsverk. Det er 84 årsverk, eller 155 400 timer mindre enn i 2010. Frå 2010 til 2014 er verdiskapinga auka med kr 19 300 per årsverk i jordbruket i Rogaland.




Figur 5 Kart: Verdiskaping i jordbruket i Rogaland, bruttoprodukt, mill. kr

⁹ I figurane i dette kapittelet er Jæren markert med (J), Ryfylke med (R), Haugalandet med (H) og Dalane med (D)




Figur 6 Bruttoprodukt frå jordbruket i Rogaland, 2014 og 2010 for dei fire regionane i fylket. (Tal over søylene viser verdiskaping i 2014)



Figur 7 Verdiskaping jordbruk for kommunar i Rogaland 2014 og 2010, bruttoprodukt, mill. kr


Berekningane viser at det har vore størst prosentvis nedgang i verdiskapinga i Stavanger. Det har vore nedgang for fleire produksjonar i kommunen, men det er nedgang i berekna verdiskaping for veksthusproduksjon (utanom tomat og agurk) som er hovudårsaka til nedgangen. Datagrunnlaget for denne produksjonen er svært usikkert. Det kan derfor være veksthusproduksjon som ikkje har kome med i berekningane.



Figur 8 Prosentvis endring i bruttoprodukt frå 2010 (målt i 2014-kroner) til 2014 for kommunar i Rogaland med bruttoprodukt større enn 10 mill. kr i 2014


3.2.1 Produksjonsinntekter og kostnader

Produksjonsinntekter inngår som ein viktig del av omgrepet verdiskaping. Produksjonsinntekter er verdien av varer og tenester som er produserte i løpet av året, inkl. offentlege tilskot. I modellen utgjer produksjonsinntektene for jordbruket utanom pelsdyr kr 6,77 mrd. i 2014. Av dette er marknadsinntekter 5,25 mrd. kr og tilskot 1,52 mrd. kr



Figur 9 Produksjonsinntekter fordelt på marknadsinntekter og tilskot for jordbruket utanom pelsdyr, mill. kr

Kor stor del av produksjonsinntektene som kjem frå tilskot avheng mellom anna av produksjon og region. Bruka på Jæren får ikkje arealtilskot for grovfôr, det gjev seg utslag i at marknadsinntektene utgjer ein større del av produksjonsinntektene på Jæren enn i dei andre regionane i Rogaland. I Ryfylke er det relativt stor planteproduksjon. For desse produksjonane utgjer tilskota mindre enn for bruk med husdyrhald. Figur 10 viser prosentvis fordeling av marknadsinntekter og tilskot for dei fire regionane i Rogaland.




Figur 10 Prosentvis fordeling av marknadsinntekter og tilskot for Jæren, Ryfylke, Haugalandet og Dalane

I modellen for berekning av verdiskaping, er kostnadene for det tradisjonelle jordbruket delt inn i kostnader til leigd hjelp, kostnader til jordleige, avskrivingar og kostnader til varer og tenester. Kostnader til leigd hjelp og kostnader til jordleige vert rekna som ein del av verdiskapinga, og vert difor ikkje trekte frå produksjonsinntektene ved utrekning av verdiskaping rekna som bruttoprodukt. Heller ikkje avskrivingar vert trekte frå produksjonsinntektene ved utrekning av bruttoprodukt.

For jordbruket utanom pelsdyr, er dei totale kostnadene berekna til 5,49 mrd. kr. Av dette er 4,17 mrd. kr kostnader til varer og tenester. Dette er dei kostnadene som vert trekte frå produksjonsinntekter og eige arbeid på nyanlegg, for å komme fram til verdiskaping rekna som bruttoprodukt. Figur 11 viser kostnadene i jordbruket i Rogaland utanom pelsdyr slik dei kjem fram i modellen. Kostnadene er fordelt på jordleige, leigd arbeid, avskrivingar og varer og tenester.


Jordleige vert rekna som ein del av verdiskapinga frå jordbruket, sjølv om dette for ein del kjem aktørar som ikkje lenger er aktive jordbrukarar, til gode. I sum er jordleige berekna til 83 mill. kr. Det er mogleg dette er noko lågare enn det faktiske talet for jordleige i Rogaland. Fordi dette ikkje verkar inn på utrekninga av verdiskaping som bruttoprodukt, er det ikkje lagt vekt på å sikre at bruken som er nytta som utgangspunkt for dei økonomiske berekningane, er representative for kor høg jordleiga er i Rogaland.



Figur 11 Kostnader i jordbruket utanom pelsdyr, Rogaland 2014, mill. kr

3.3 Verdiskaping frå ulike produksjonar

Av den totale verdiskapinga i 2014, rekna som bruttoprodukt, kjem 44 prosent frå mjølkeproduksjon. Samanlikna med 2010, utgjer mjøkeproduksjon åtte prosentpoeng mindre av verdiskapinga i fylket. Kjøtproduksjon med ammekyr og sauehald har auka med to prosentpoeng og veksthus og planteskole med tre prosentpoeng. Svinehaldet har gått ned med eitt prosentpoeng, samanlikna med 2010. Figur 12 viser verdiskaping fordelt på ulike produksjonar.




Figur 12 Verdiskaping som bruttoprodukt fordelt på ulike produksjonar

3.3.1 Mjølkeproduksjon


Verdiskapinga frå mjølkeproduksjon var på 1 192 mill. kr i 2014, 101 mill. kr mindre enn i 2010. Marknadsinntektene utgjorde 2 050 mill. kr og tilskot 660 mill. kr. I alt var det 40 054 mjølkekryr fordelt på 1 331 einingar i Rogaland. Resultata frå driftsgranskingane i jord- og skogbruk ha vist nedgang i resultat for mjølkeprodusentane på Jæren dei siste åra. Figur 14 og figur 15 viser at det særleg er i jærkommunane at verdiskapinga frå mjølkeproduksjonen er redusert.

Hå var den kommunen som hadde størst verdiskaping frå mjølkeproduksjon med 244 mill. kr. Deretter følgjer Klepp med 146 mill. kr, Time med 115 mill. kr og Sandnes med 104 mill. kr. Desse fire kommunane har til saman 51 prosent av verdiskapinga frå mjølkeproduksjon i fylket.


Det vart utført 2 625 årsverk i mjølkeproduksjonen i 2014, tilsvarande 4,8 mill. timer. Dette utgjer 41 prosent av samla arbeidsinnsats i jordbruket.



Figur 13 Kart: Vediskaping frå mjølkeproduksjon, bruttoprodukt, mill. kr



Figur 14 Verdiskaping frå mjølkeproduksjon for regionane i Rogaland, bruttoprodukt, mill. kr




Figur 15 Verdiskaping frå mjølkeproduksjon, kommunar i Rogaland, bruttoprodukt, mill. kr

3.3.2 Sauehald


Sauehaldet har hatt ei positiv utvikling dei siste åra, og verdiskapinga frå sauehaldet auka med 73 mill. kr frå 2010 til 2014. Samla bruttoprodukt for sauehaldet i Rogaland var på 396 mill. kr i 2014, det er 15 prosent av samla verdiskaping frå jordbruket i Rogaland i 2014.

For sauehaldet utgjer dei offentlege tilskota meir enn marknadsinntektene. I 2014 var marknadsinntektene på 419 mill. kr og offentlege tilskot på 541 mill. kr. Arbeidsinnsatsen i sauehaldet var på 1 536 årsverk, tilsvarande 2,8 mill. timer.


Bjerkreim, Vindafjord og Eigersund var dei tre kommunane som hadde høgst verdiskaping frå sauehaldet i 2010, med høvesvis 37, 31 og 29 mill. kr. I alt var det 213 010 sauere i Rogaland, fordelt på 2 592 einingar.



Figur 16 Kart: Verdiskaping frå sauehald, bruttoprodukt, mill. kr



Figur 17 Verdiskaping fra sauehald for regionane i Rogaland, bruttoprodukt, mill. kr




Figur 18 Verdiskaping fra sauehald, kommunane i Rogaland, bruttoprodukt, mill. kr


3.3.3 Svinehald

Svinehald er den tredje største produksjonen i Rogaland, rekna etter bruttoprodukt. I 2014 var det 25 740 alspurker fordelt på 266 sokjarar. Verdiskapinga er berekna til 301 mill. kr. Det er ein nedgang på 30 mill. kr frå 2010. Bruka med svinehald har hatt varierande resultat dei siste åra, men nedgang i verdiskaping skuldast i hovudsak nedgang i produksjon. Marknadsinntektene utgjorde 1 093,8 mill. kr og offentlege tilskot 85,7 mill. kr. Arbeidsinnsatsen i svinehaldet var på 693 årsverk à 1845 timer.


Størst verdiskaping frå svinehaldet finn ein i Hå kommune med 76,1 mill. kr. Deretter kjem Klepp (61,3 mill. kr) og Time (33,8 mill. kr).



Figur 19 Kart: Verdiskaping frå svinehald, bruttoprodukt, mill. kr



Figur 20 Verdiskaping frå svinehald, regionane i Rogaland, bruttoprodukt, mill. kr



Figur 21 Verdiskaping frå svinehald, kommunar i Rogaland, bruttoprodukt, mill. kr

3.3.4 Egg og fjørfekjøt


Det vart slakta 14,2 millionar kyllingar i Rogaland i 2014, fordelt på 126 produsentar. Det var eggproduksjon på 282 bruk. I alt vart det søkt om tilskot til 1,1 millionar verpehøner. Samla verdiskaping frå desse to produksjonane er berekna til 186,5 mill. kr. Kartillustrasjonen i figur 22 og figur 23 viser samla verdiskaping frå egg og fjørfeeskakt.

Verdiskapinga frå fjørfeeskakt er berekna til 78,7 mill. kr, ein auke på 53 prosent frå 2010. Marknadsinntektene utgjorde 390,2 mill. kr og offentlege tilskot 4,7 mill. kr for denne produksjonen.


For eggproduksjon utgjorde dei offentlege tilskota 18,5 mill. kr og marknadsinntektene var på 362,5 mill. kr. Verdiskapinga frå eggproduksjon er berekna til 107,7 mill. kr, 2 prosent meir enn i 2010.

Sysselsettinga er berekna til 95 årsverk à 1845 timer i fjørfeproduksjon og 161 årsverk i eggproduksjon.


Kommunane Hå og Klepp er størst på fjørfekjøt, med verdiskaping på høvesvis 17,6 og 11,8 mill. kr. For eggproduksjon er det Klepp med 24,0 mill. kr og Finnøy med 19,7 mill. kr som er dei største kommunane.




Figur 22 Kart: Verdiskaping frå egg og fjørfeeskakt, bruttoprodukt, mill. kr



Figur 23 Verdiskaping frå egg og fjørfeslakt, regionane i Rogaland, bruttoprodukt, mill. kr




Figur 24 Verdiskaping frå fjørfeslakt, kommunar i Rogaland, bruttoprodukt, mill. kr




Figur 25 Verdiskaping frå eggproduksjon, kommunar i Rogaland, bruttoprodukt, mill. kr

3.3.5 Kjøtproduksjon på ammeku


Kjøtproduksjon på ammeku har auka mykje dei siste åra. I 2014 var det 9 259 ammekyr fordelt på 701 einingar i Rogland i 2014. I alt utgjorde verdiskapinga frå denne produksjonen 129,4 mill. kr, ein auke på 45 prosent frå 2010. Marknadsinntektene var på 194 mill. kr, og offentlege tilskot utgjorde 153,3 mill. kr. Sysselsettinga var på 415 årsverk, tilsvarande 766 tusen timer.



Figur 26 Kart: Verdiskaping frå produksjon av storfekjøt med ammekyr, bruttoprodukt, mill. kr



Figur 27 Verdiskaping frå kjøtproduksjon med ammekyr, regionane i Rogland bruttoprodukt, mill. kr




Figur 28 Verdiskaping frå kjøtproduksjon med ammekyr, kommunar i Rogaland, bruttoprodukt, mill. kr

3.3.6 Pelsdyr

Produksjon av skinn frå pelsdyr er avhengig av tilhøva på verdsmarknaden, og har svinga mykje dei siste tiåra. I periodar, som først på 80-talet, var pelsdyr eit satsingsområde, og mange nye starta opp. Etter nokre år kom krakket, og mange fall frå. Slik har det også vore seinare, med gode og dårlege periodar for næringa. Undersøkinga for 2014/2015 viser resultat frå ein god periode for pelsdyrnæringa med relativt gode prisar på skinn. Det var likevel noko svakare resultat enn for åra 2012 og 2013 som var resultatmessige rekordår for pelsdyrnæringa. Pelsdyrnæring har vore utsett for sterke åtak på næringa frå politisk hald og dyrevernthalde dei siste åra, og det har vore fleire forslag om å avvikle næringa. Likevel har produksjonen auka, og i Rogaland er det fleire som har investert i pelsdyrnæringa dei siste åra. Det er produksjon av minkskinn som er heilt dominerande i Rogaland. Det er nokre få produsentar som produserer reveskinn i ulike kategoriar, men omsetning av minkskinn utgjorde nesten 99 % av skinnomsetninga i Rogaland i sesongen 2014/2015.

Noko av skinnproduksjonen i Rogaland vert omsett gjennom Oslo skinnauksjon, men for mink går ein svært stor del via Copenhagen Fur. For sesongen 2014/2015 vart det omsett skinn frå Rogaland for om lag 185 millionar kroner. Verdiskapinga (bruttoproduktet) av pelsdyrnæringa i Rogaland er rekna ut til 112 millionar kroner for den aktuelle sesongen. Av kommunane er det Klepp, Hå og Sandnes som merkjer seg ut med omsyn til verdiskaping på pelsdyr. Klepp har ei verdiskaping på vel 35 millionar kroner medan Hå ligg på 27 millionar og Sandnes ligg på 14 millionar. Hå har hatt størst auke med ei firedobling av verdiskapinga på pelsdyr frå 2010 til 2014. Elles finn ein noko produksjon i nokre andre kommunar i Rogaland med verdiskaping mellom 4 og 6 millionar kroner. Dette gjeld Finnøy, Bjerkreim og Sola.



Figur 29 Vediskaping i pelsdyrhald, kommunar i Rogaland, bruttoprodukt, mill. kr

Sysselsettinga i pelsdyrnæringa er rekna ut til 143 årsverk i Rogaland. Dette er basert på produksjonsomfang i form av tal skinn for ulike revetypar og mink. Det er rekna 30 minutt per mink, 1,3 timer per blårev, 1,6 timer per hybrid og 2 timer per sølvrev. I Klepp er det utrekna om lag 46 årsverk, i Hå 34 årsverk og 18 årsverk i Sandnes.

3.3.7 Geitemjølk

Det var berre 12 produsentar som søkte om produksjonstilskot til geit i Rogaland i 2014. I alt var det registrert 1 285 geiter. Verdiskapinga frå geitehald utgjorde 9,7 mill. kr, 0,7 mill. kr mindre enn i 2010. Høgast verdiskaping frå denne produksjonen hadde Bjerkreim med 2,7 mill. kr. Også i Vindafjord, Gjesdal, Suldal og Time er det mjølkegeiter, verdiskapinga frå geitehaldet i desse kommunane var på høvesvis 2,6, 2, 1,6 og 0,8 mill. kr.

3.3.8 Birøkt


Det vart søkt om tilskot til 2 125 bikubar i Rogaland i 2014. Verdiskaping frå denne produksjonen er berekna til 2,4 mill. kr, 1,9 mill. kr mindre enn i 2010. I tillegg til honningproduksjon har birøkt ei viktig oppgåve med pollinering innan fruktnæringa. Denne verdien er vanskeleg å fastslå. Sysselsettinga i birøkt er utrekna til 10 årsverk i Rogaland.

3.3.9 Veksthus og planteskular


Veksthusnæringa er stor i Rogaland. Fylket har om lag 90 prosent av tomatproduksjonen og 37 prosent av agurkproduksjonen, og det er særleg tomat og agurk som bidreg til verdiskaping frå veksthus. Når det gjeld anna veksthusproduksjon, som urter, snittblomster og potteplantar, manglar det oversikter over areal og vekstar. For denne delen av verdiskapinga frå veksthus er derfor tala usikre og endringar frå 2010 kan skuldas at ein ikkje har klart å fange opp den produksjonen som føregår. Produksjon av bær i veksthus er med i berekningane for frukt og bær, sjå 3.3.10.

Av figuren går det fram at Klepp har den største verdiskapinga frå veksthusnæringa. Det er både planteskular og produksjon av blomar, bær og grønsaker i kommunen. Verdiskapinga i Klepp er utrekna til vel 75,5 mill. kroner. Deretter følgjer Finnøy med 52,9 mill. og Hå med 38 mill. kroner. Totalt er verdiskapinga innafor veksthus og planteskular i Rogaland utrekna til 249,3 mill. kroner, 7 prosent meir enn i 2010.


Sysselsettinga i veksthusnæringa er berekna til 523 årsverk à 1845 timer. Av desse kjem om lag 450 årsverk frå veksthusgrønsaker.



Figur 30 Kart: Verdiskaping frå veksthus og planteskular, bruttoprodukt, mill. kr



Figur 31 Verdiskaping frå veksthus og planteskule, regionane i Rogaland, bruttoprodukt, mill. kr




Figur 32 Verdiskaping frå veksthus og planteskule, kommunar i Rogaland, bruttoprodukt mill. kr


3.3.10 Planteproduksjon på friland

Rogaland er eit stort husdyrfylke, med ein stor del av arealet nytta til grovförproduksjon. Av det totale jordbruksarealet i fylket, vart berre 3,7 prosent nytta til anna planteproduksjon. Det vart dyrka korn på 18 600 dekar (1,9 prosent). Resten av arealet (1,9 prosent) er potet, frilandsgrønsaker og frukt og bær. Samla verdiskaping frå desse produksjonane er berekna til 144,6 mill. kr. Av dette er 111,2 mill. frå potet og frilandsgrønsaker, 21,9 mill. kr frå frukt og bær og 11,5 mill. kr frå kornproduksjon.


Sysselsetting frå planteproduksjon er rekna til 252 årsverk à 1845 timer



Figur 33 Kart: Verdiskaping frå planteproduksjon på friland, bruttoprodukt, mill. kr



Figur 34 Verdiskaping frå planteproduksjon på friland, regionane i Rogaland, bruttoprodukt, mill. kr




Figur 35 Verdiskaping frå planteproduksjon på friland, kommunar i Rogaland, bruttoprodukt, mill. kr

3.4 Sysselsetting i jordbruksverk

I modellen for berekning av verdiskaping er det lagt inn registrert, gjennomsnittleg arbeidsforbruk for dei gruppene som er utgangspunkt for dei økonomiske berekningane. Modellen kan derfor også seie noe om kor stor sysselsettinga er i primærjordbruksverk. Tal frå modellen viser at det til saman er arbeidd 6 418 årsverk à 1 845 timer i primærjordbruksverk inkl. veksthus og pelsdyr, i Rogaland i 2014, 84 årsverk mindre enn i 2010. Størst sysselsetting finn ein i mjølkeproduksjon med 2 625 årsverk.

Til samanlikning viser tal for arbeidsinnsats i jordbruksverk frå Statistisk sentralbyrå¹⁰ ein arbeidsinnsats på 6 522 årsverk à 1 845 timer i jordbruksverk for 2012/2013¹¹. Avviket mellom tala frå SSB og berekninga frå verdiskapingsmodellen, kan i hovudsak forklaast med ulik metodikk. SSB baserer seg på anslag frå eit stort utval, medan vår berekning er basert på timenoteringar frå deltagarane i driftsgranskningane. I tillegg kan noko ulik definisjon av kva som inngår i jordbruksverk gje utslag. SSB nyttar også ein noko større populasjon i sine teljingar enn det som er nytta i driftsgranskningane. Dei har med dei aller minste brukene, medan driftsgranskningane er basert på yrkesmessig drivne bruk.


Størst sysselsetting i primærjordbruksverk finn ein i kommunane Hå og Klepp med høvesvis 944 og 791 årsverk. I begge desse kommunane er arbeidsinnsatsen auka frå 2010 til 2014.




Figur 36 Sysselsetting i ulike produksjonar, prosent

¹⁰ Statistikkbanken tabell 10270


¹¹ 2012/2013 er siste året det føreliggende tal for i statistikkbanken




Figur 37 Sysselsetting i ulike produksjonar, årsverk à 1845 timar, 2014 og 2010



Figur 38 Kart: Sysselsetting i jordbruket, årsverk à 1845 timar




Figur 39 Årsverk i jordbruket, regionar i Rogaland, årsverk à 1845 timar




Figur 40 Sysselsetting i jordbruket, kommunar i Rogaland, årsverk à 1845 timar

3.5 Verdiskaping per innbyggjar


Dersom ein ser verdiskaping i jordbruket i forhold til tal innbyggjarar i kommunen, gjev det eit uttrykk for kor viktig jordbruksnæringa er for kommunen. Det er kommunane i Ryfylke som i har høgst verdiskaping per innbyggjar med i gjennomsnitt kr 17 530, medan dei folkerike kommunane på Jæren har lågast verdiskaping pr. innbyggjar med kr 5 282. Det er Finnøy som har høgst verdiskaping frå jordbruket pr. innbyggjar med kr 53 682, og bykommunane Stavanger og Haugesund som har lågast verdiskaping per innbyggjar med høvesvis kr 247 og kr 161. Gjennomsnittet for Rogaland ligg nær gjennomsnittet for Jæren med kr 5 926 pr. innbyggjar.



Figur 41 Kart: Verdiskaping frå jordbruket pr. innbyggjar i kommunen



Figur 42 Verdiskaping pr. innbyggjar, gjennomsnitt regionar i Rogaland 2014, kr



Figur 43 Verdiskaping pr. innbyggjar, gjennomsnitt kommunar i Rogaland 2014, kr

3.6 Verdiskaping frå jordbruksfylka

NIBIO (tidlegare NILF) har gjennomført verdiskapingsberekingar for mange fylke. Dei fleste av desse berekningane er gjort med bruk av same modell, men med ulike år som utgangspunkt for berekningane. I tabell 5 er resultata frå desse berekningane viste. Verdiskaping er vist som bruttoprodukt i tabellen, og alle tal er inflasjonsjusterte og vist i 2014-kroner. Tabellen viser også sysselsetting i årsverk og årstalet som er utgangspunkt for berekningane. Fordi både økonomien i jordbruksfylka endrast frå år til år, og areal og husdyr tal endrast, vert ikkje tala som ligg nokre år tilbake heilt representative for den verdiskapinga som føregår i fylket i dag. Tala gir likevel eit inntrykk av kor stor verdiskaping som kjem frå jordbruksfylka i dei ulike fylka.

Ut frå tabellen ser ein at Rogaland er det fylket som har høgast verdiskaping og sysselsetting frå jordbruksfylka. For dei andre store jordbruksfylka, Hedmark, Oppland, og Nord-Trøndelag, er berekningane frå 2010, og har ikkje fanga opp endringar i omfang og økonomi dei siste åra.

Tabell 5 Bruttoprodukt og sysselsetting i jordbruksfylka i ulike fylke

Fylke	Bruttoprodukt, mill. kr	Bruttoprodukt, inflasjons- justert, 2014-kr	Sysselsetting, årsverk à 1 845 timer	Utgangspkt. for bereking, årstal
Hedmark	1 343	1 427	3 820	2 010
Oppland	1 485	1 578	5 037	2 010
Buskerud	655	688	1 944	2 011
Telemark	315	331	1 023	2 011
Aust-Agder	156	³ 170	622	2 009
Vest-Agder	268	³ 292	996	2 009
Rogaland	2 723	2 723	6 418	2 014
Hordaland	797	813	2 700	2 013
Sogn og Fjordane	885	903	2 811	2 013
Møre og Romsdal	929	987	3 151	2 010
Sør-Trøndelag	1 009	1 072	3 267	2 010
Nord-Trøndelag	1 510	1 605	4 326	2 010
Nordland ¹⁾	907	919	2 526	2 013 ²⁾
Troms ¹⁾	391	401	1 143	2 013 ²⁾
Finnmark ¹⁾	138	138	301	2 014

1) For Nordland, Troms og Finnmark er det nytta ein forenkla modell.

2) Mengdedata frå SLF for 2013, økonomidata frå driftsgranskingane 2012, korrigert for endringar i kjøtpri på svin

3) Veksthus og pelsdyr er ikkje med i bruttoproduktet

Kjelde: NIBIO, eigne data

4 SKOGBRUKET

4.1 Verdiskaping i skogbruket

Avverking av skog er den viktigaste kjelda til inntekt fra skogen for dei fleste skogeigarar. I 2013 vart det i Noreg levert 8,9 millionar m³ tømmer til skogindustrien. Dette auka til 9,8 og 10,2 millionar m³ i høvesvis 2014 og 2015. Det er ei stor auke frå 2009, då avverkingsnivået var særleg lågt på grunn av låge tømmerprisar som følgje av finanskrisa. Avverkinga i Rogaland utgjorde 1,4 prosent av den samla avverkinga av industriyvirke for sal i landet i 2014.

Avverking av industriyvirke for sal er ikkje den einaste inntektskjelda frå skogeigedommen. Fram til og med 2012 rekna Statistisk sentralbyrå årleg totalrekneskap for skogbruket. Inntekter som i totalrekneskapen blir tillagt skogeigedommen er i tillegg til avverking, inklusive eige vyrke og vyrke til ved, juletre og pyntegrønt, jakt (berre jakt som blir leidt ut) og netto tilvekst. Det er uvisse ved verdiskapingsutrekningane både på fylkes- og kommunenivå, da tilgangen på verifiserte data varierar. Alle elementa som inngår i totalrekneskapen og føresetnadane vi har lagt til grunn for å rekne ut kor mykje av totalrekneskapen for skog som kan tilskrivast ressursar og aktivitet i Rogaland, går fram av kapittel 2.2. I grove trekk er det juletre-/pyntegrøntproduksjonen saman med hogstkvantumet og lagerendring som utgjorde produksjonen innanfor næringa skogbruk i Rogaland i 2014.


Tabell 6 Bruttoprodukt / verdiskaping i skogbruket i Rogaland i 2014

	Bruttoprodukt 2014, 1000 kr				
	Rogaland	Ryfylke	Dalane	Haugalandet	Jæren
Tømmer for sal	41 184	27 407	1 391	6 034	6 352
Tømmer til eige bruk	506	323	18	74	91
Ved til sal og eige bruk	12 250	7 820	431	1 794	2 204
Juletre og pyntegrønt	82 531	29 128	16 992	16 182	20 228
Jakt	7 179	3 257	903	1 811	1 207
Nettoutilvekst	38 763	13 010	9 122	13 280	3 351
Skogprodukt i alt	182 412	80 946	28 857	39 176	33 433
Produksjon av tenester for skogbruket	21 028	13 993	710	3 081	3 243
Verdien av eige arbeid ved skogkultur og ved bygging av skogsvegar	1 611	1 072	54	236	248
Sum inntekter	205 051	96 011	29 621	42 493	36 925
Produktinnsats	34 653	23 060	1 170	5 077	5 345
Bruttoprodukt for skogbruket	170 398	72 951	28 451	37 416	31 580

Bruttoproduktet/verdiskapinga i skogbruket for Rogaland og fordelinga mellom regionane i fylket går fram av tabell 6 over. Tabellen viser at bruttoverdi på avverking av tømmer for sal i 2014 var på om lag 41 millionar kroner¹². Ryfylke alleine stod for 67 prosent av avverkinga. I Ryfylke hadde kommunane Hjelmeland og Suldal brorparten av avverkinga i fylket med høvesvis 23 og 21 prosent av avverkinga.

Rogaland eit viktig fylke for juletre- og pyntegrøntproduksjon på landsbasis når ein legg produksjonsareala til grunn. Produksjonen utgjer om lag 34 prosent av verdiskapinga nasjonalt. I 2014 var verdiskapinga frå juletre og pyntegrønt 82,5 millionar kroner i Rogaland. Samanlikna med dei andre skogprodukta i Rogaland bidrog juletre/pyntegrønt med størst verdiskaping frå skogprodukta i 2014 med ein andel på 45 prosent. Når det gjeld jakt er bidraget til verdiskapinga liten samanlikna med dei andre inntektskjeldene. I 2014 genererte jakt ei verdiskaping på drygt 7 millionar kroner i Rogaland. Samla verdi for skogprodukta i Rogaland for 2014 var 182 millionar kroner.

Figur 44 nedanfor viser fordelinga av verdiskapinga frå dei tre største skogprodukta mellom regionane. Av figurane går det fram at Ryfylke har størsteparten av verdiskapinga av regionane, både på tømmer for sal, juletre/pyntegrønt og netto tilvekst. Skilnaden mellom regionbidraga er størst innan tømmer for sal og minst på juletre/pyntegrønt.




Figur 44 Fordeling av verdiskaping frå tømmer for sal, juletre/pyntegrønt og netto tilvekst etter region. 2014

Produksjon av tenester i skogbruket gjeld investeringsarbeid i skogkultur, tømmermåling, driftsplanar, skogplantar og entreprenørtenester (Zahirovic 2012). For Rogaland er verdien av denne produksjonen rekna til å utgjere 21 millionar kroner, medan verdien av eige arbeid ved skogkultur og bygging av skogsvegar er rekna å utgjere 1,6 millionar kroner.

¹² Netto avverking ligg til grunn. Avfall i form av røte, ikkje nyttelege toppar m.v. er ikkje med (<http://www.ssb.no/vis/skogav/om.html>)

Etter dette er verdien av samla produksjon innanfor skogbruksnæringa i Rogaland 205 millionar kroner. Produksjonen fråtrekt produktinnsatsen gir bruttoproduktet for skogbruket. Bruttoproduktet/verdiskapinga i skogbruket for Rogaland var 170 millionar kroner i 2014.

Figur 45 under gir eit oversyn over dei ulike bidraga frå skogprodukta til bruttoproduktet i dei einskilde kommunane i Rogaland i 2014. Avverking gjeld både avverking for sal, vyrke til eige bruk og til ved. Av figuren går det fram at bidraget frå skogprodukta er klart størst frå kommunane Suldal, Vindafjord og Hjelmeland. I Suldal og Hjelmeland var avverkinga dominerande, medan Vindafjord fekk mest av verdiskapinga si frå juletre- og pyntegrøntproduksjon. Minst bidrag finn vi i kommunane Kvitsøy, Utsira, Sola og Bokn.




Figur 45 Verdiskaping frå skogprodukta etter kommune, 2014. 1000 kr.


Figur 46 viser fordelinga av bruttoprodukt mellom regionane og kommunane i Rogaland. Figur 47 viser tilsvarende framstilling i kart. Av figurane går det fram at Ryfylke har størst del av verdiskapinga frå skogbruket med 43 prosent av bruttoproduktet i Rogaland. I Ryfylke var

bruttoproduktet frå dei to kommunane Suldal og Hjelmeland samla meir enn dei andre regionane kvar for seg i 2014.

I vedlegg 4 er bruttoprodukt frå skogbruket i 2014 for dei ulike kommunane i Rogaland presentert.



Figur 46 Bruttoverdien i skogbruket etter regionar og kommunar i Rogaland i 2014.
Regionane er sortert etter avtakande bruttoprodukt. 1000 kr.



Figur 47 Kart over bruttoprodukt / verdiskaping etter kommune i Rogaland 2014

Inntekta til skogeigarane er noko anna enn samla produksjon i skogbruksnæringa. Om vi tek ut tømmer til eige bruk, netto tilvekst, produksjon av tenester og verdien av eige arbeid ved skogkultur og ved bygging av skogsvegar, finn vi eit overslag på omsetning og verdiskaping i gardsskogbruket i Rogaland. Av tabell 7 går det fram at omsetninga i gardsskogbruket i Rogaland i 2014 var 143 millionar kroner og verdiskapininga 108 millionar kroner.

I desse tala er vyrke til vedproduksjon og utleige av jakt inkludert, medan sal/utleige/festeavgift fast eigedom, guiding/betaling for jaktopplevingar, gardssagbruk og anna foredling av tre ikkje er inkludert. Med unntak av avverking for sal, er verdien av tilleggsnæringane slik som jakt og produksjon av ved rekna med utgangspunkt i eit sett av føresetnader, jamfør kapittel 2.2.

Tabell 7 Omsetning og verdiskaping i gardsskogbruket i Rogaland 2014.

	2014 i 1000 kr				
	Rogaland	Ryfylke	Dalane	Haugalandet	Jæren
Tømmer for sal	41 184	27 407	1 391	6 034	6 352
Ved til sal og eige bruk	12 250	7 820	431	1 794	2 204
Juletre og pyntegrønt	82 531	29 128	16 992	16 182	20 228
Jakt	7 179	3 257	903	1 811	1 207
Skogprodukt i alt	143 144	67 613	19 717	25 822	29 991
Produktinnsats	34 653	23 060	1 170	5 077	5 345
Bruttoproduktet i skogbruket	108 491	44 553	18 547	20 745	24 647

Det er grunn til å tru at det vil vere avvik mellom inntektene skogeigarane oppnår og desse verdiutrekningane. I tillegg er det grunn til å tru at ein del kalkulerete inntekter frå jakt og vedproduksjon som er med i totalrekneskapen over (jamfør tabell 7), ikkje er med i gardbrukaren sin næringsinntekt frå skogbruket. Avverkingsinntektene varierer mellom år. Skattelovas § 14-81¹³ opnar for at det innanfor skogbruket kan gjerast ei inntektsutjamning og gjennomsnittslikning ved at inntekta blir fastsett til gjennomsnittleg årsinntekt dei siste fem heile kalenderåra.

Tabell 8 viser eit utdrag av inntektsstatistikken for 2014 frå Statistisk sentralbyrå. Av tabellen går det fram at knapt 350 personar hadde positiv næringsinntekt frå skogbruket i Rogaland i 2014.

Gjennomsnittleg næringsinntekt frå skogbruket i Rogaland var i 2014 på 33 000 kroner, mot 41 000 kroner på landsbasis. Den totale inntekta var 11 millionar for skogbruket. Desse skogeigarane hadde ei total inntekt frå jordbruket på 92 millionar kroner, og ei samla brutto inntekt på 228 millionar kroner i 2014. Vi ser vidare av tabellen at inntekta frå skogbruket utgjer berre fem prosent av brutto inntekt mot sju prosent på landsbasis.

Tabell 8 Inntekter for skogeigarar med positiv næringsinntekt frå skogbruket i Rogaland og landet i 2014.

Tal skogeigarar med positiv næringsinntekt skogbruk	Gjennomsnittleg næringsinntekt skogbruk (kr)	Total inntekt skogbruk (mill.kr)	Total inntekt jordbruk (mill. kr)	Total brutto inntekt (mill.kr)	Inntekt skogbruk som del av inntekt jordbruk (prosent)	Inntekt skogbruk som del av brutto inntekt (prosent)
Rogaland	348	33 000	11	92	228	13 %
- av landet	2 %	80 %	1 %	2 %	2 %	58 %
Landet	21 375	41 000	876	4 040	13 295	22 %

¹³ LOV 1999-03-26 nr 14: Lov om skatt av formue og inntekt.

5 LANDBRUKSBASERT TILLEGGSNÆRING

I dei seinare åra har det vore satsa mykje på tilleggsnæringer i landbruket. Det har vore lagt vekt på å nytte ut alle ressursane på gardsbruket i næringssamanheng. Bygdeutviklingsmidlar har vore eit viktig verktøy i arbeidet med å legge til rette for nye næringar knytt til norske gardsbruk. Det har mellom anna vore satsa på landbruksbasert reiseliv og foredling av råvarene som vert produserte lokalt, slik at ein større del av verdiskapinga vert verande på bruket. Inn på tunet er ei anna satsing. På Inn på tunet-gardane vert garden nytta som arena for ulike velferdstenester.

I NIBIOS driftsgranskingar i jord- og skogbruk blir tilleggsnæring definert som: «Næringsverksemd utanom tradisjonelt jord- og skogbruk, med basis i ressursane på bruket. Det gjeld innsats av areal, bygningar, maskiner etc., men ikkje personressursar eller kompetanse.» SSB definerer tilleggsnæring på omrent på same måte som NIBIO, men inkluderer pelsdyr, børøkt og utelege av jord til jordbruksformål som tilleggsnæring. Dette blir definert som jordbruk i driftsgranskingane og i våre berekningar, og inngår derfor ikkje i berekning av verdiskaping frå tilleggsnæringer.

Berekningane av verdiskaping i tilleggsnæringer er baserte på frekvensal frå Landbruksundersøkinga 2009/2010 (SSB 2016) korrigert for nedgang i tal bruk (SSB statistikkbanken (a)) og økonomidata frå bruk som er med i driftsgranskingane til NIBIO. Metode og datagrunnlag er nærmere omtalt i kapittel 2.


Datagrunnlaget for tilleggsnæringerne er mangefullt samanlikna med jordbruket. Det gjer at tala knytt til berekningane for tilleggsnæring er meir usikre enn for jordbruket. På kommunenivå vil tala knytt til berekningane vere meir usikre enn på fylkesnivå, men dei bør likevel kunne gje eit godt bilde av kor viktige tilleggsnæringerne er.

1.1 Frekvens for ulike tilleggsnæringer

Å ha ein eller fleire tilleggsnæringer er relativt vanleg for jordbruksføretaka. I landbruksteljinga i 2010 henta SSB¹⁴ inn opplysningar om kor mange som driv tilleggsnæring, og kva for tilleggsnæringer som vert drivne. I gjennomsnitt viser teljinga at 49 prosent av føretaka i Rogaland driv ei eller fleire tilleggsnæringer. Det er relativt lite samanlikna med andre fylke i landet. Berre Troms og Finnmark har færre føretak som driv med tilleggsnæring enn Rogaland. Nordland og Hordaland ligg rett over Rogaland med 50 og 51 prosent.

Kor stor del av bruken som driv tilleggsnæring, varierer mykje frå kommune til kommune. Suldal, Sauda og Forsand er kommunane med størst innslag av tilleggsnæring i Rogaland, med høvesvis 74, 67 og 66 prosent.

¹⁴ Kjede: SSB statistikkbanken (b)




Figur 48 Kart: Bruk med tilleggsnæring i kommunar i Rogaland, prosent, 2010

Kjelde; SSB statistikkbanken (b)

I modellen er tilleggsnæring delt inn i ni ulike driftsgreiner. Med denne inndelinga og føresetnadene som er omtalte over, er det 2 920 ulike tilfelle av tilleggsnæringar i Rogaland. Dette er høgare enn talet bruk som driv tilleggsnæring (ca. 2 300) fordi det er mange bruk som driv med meir enn ei tilleggsnæring.

Det er viktig å vere klar over at ein høg prosentvis del av tilleggsnæringar i ein kommune med få jordbruksføretak, kan bety mindre samla for kommunen enn ein låg frekvens i ein kommune med mange jordbruksføretak.

Leigekøyring og utmarksnæring er dei mest vanlege tilleggsnæringane i Rogaland. Av dei som driv tilleggsnæring, er det 26 prosent som driv leigekøyring, og 25 som driv ei eller anna form for utmarksnæring. Også utleige og vedproduksjon er vanleg. Det kan vere litt individuelt korleis den enkelte forstår spørsmåla i landbrukstellingane, slik at det kan vere nyttig å sjå nokre av næringane i samanheng. Til døme kan det hende at det er ein glidande overgang mellom utleige og turisme, eller mellom turisme og utmarksnæring.



Figur 49 Prosentvis fordeling av ulike tilleggsnæringer i Rogaland


Kjelde: SSB (2016)

1.2 Verdiskaping i tilleggsnæring


Berekninga av verdiskaping og sysselsetting i tilleggsnæringer er basert på frekvenstala frå SSB og økonomiske data frå driftsgranskningane for 2014. Det er stor skilnad i kor mykje dei ulike tilleggsnæringane bidrar til sysselsetting og økonomisk resultat, derfor treng ikkje høg frekvens å gje høg verdiskaping. Fordi SSB ikkje har opplysningar om omfanget av tilleggsnæringane, er det omfanget i driftsgranskningane som vert nytta i modellen. Ein veit ikkje kor representative bruka i driftsgranskningane er for tilleggsnæring. Derfor er tala i berekningane for tilleggsnæringer meir usikre enn for jordbruksproduksjonen.

Grensegangen mellom tilleggsnæring og tradisjonelt jord- og skogbruk kan av og til vere uklar. For eksempel for vedproduksjon er verdien av trevirket med i skogbruket, medan meirverdien ved foredling til ved, kjem som tilleggsnæring. Produksjon av juletre og pyntegrønt er definert som tilleggsnæring i landbrukstellinga, men vert også rekna som ein del av skogbruket. Her kan derfor noko av verdiskapinga bli rekna både som tilleggsnærig og som skogbruk, men det vil likevel ha lite å seie for resultata.

Verdiskaping frå tilleggsnæringer, rekna som bruttoprodukt, er berekna til 172,1 mill. kroner for Rogaland i 2014. Berekninga som vart gjort i 2010 viste ei mykje høgare verdiskaping, men metoden som vart nytta var ein annan, og tok utgangspunkt i frekvensen for tilleggsnæring i driftsgranskningane. Tala frå desse to berekningane kan derfor ikkje samanliknast. Størst verdiskaping kjem frå utmarksnæring 49,9 mill. kroner, leigekjøring med 40,4 mill. kr og utleige med 34,9 mill. kroner.




Figur 50 Bruttoprodukt frå ulike tilleggsnæringer i Rogaland, mill. kroner, 2014



Figur 51 Kart: Bruttoprodukt frå tilleggsnæringer, kommunar i Rogaland, mill. kroner, 2014

Av kommunane er det Vindafjord som har størst verdiskaping frå tilleggsnæringsverdien med 19,4 mill. kroner, følgt av Suldal med 16,8 mill. kroner. Det er ikkje registrert tilleggsnæringsverdi på Utsira eller Kvitsøy.




Figur 52 Verdiskaping frå tilleggsnæringsverdien, kommunar i Rogaland, mill. kroner, 2014

1.3 Sysselsetting i tilleggsnæringsverdien


Sysselsettinga frå dei landbruksbaserte tilleggsnæringsverdiane er berekna til 233 årsverk à 1845 timer. Dette stemmer godt overeins med tala frå utvalstellinga til SSB (statistikkbanken c) for 2012/2013 som viser ei arbeidsinnsats på 454 tusen timeverk, eller 246 årsverk, for Rogaland.

Størst sysselsetting i tilleggsnæring finn vi i leigekjøring med 33 prosent, deretter kjem turisme med 22 prosent. Det er stor skilnad på kor stor sysselsettinga er i ulike tilleggsnæringer. Medan utleige står for 20 prosent av verdiskapinga i tilleggsnæring, er berre 4 prosent av sysselsettinga knytt til utleige. Når det gjeld turisme, er 22 prosent av sysselsettinga i tilleggsnæring knytt til driftsgreina, medan 8 prosent av verdiskapinga kjem derifrå. Figur 53 viser tal årsverk for ulike tilleggsnæringer i Rogaland i 2014.


Det er Vindafjord og Suldal som har høgst sysselsetting i tilleggsnærig med 24,6 og 23,6 årsverk.




Figur 53 Sysselsetting i ulike tilleggsnæringer i Rogaland, årsverk, 2014



Figur 54 Kart: Sysselsetting i landbruksbasert tilleggsnæring 2014, årsverk à 1845 timer



Figur 55 Sysselsetting i landbruksbasert tilleggsnæringer, regionar i Rogaland 2014, årsverk à 1845 timer



Figur 56 Sysselsetting frå landbruksbasert tilleggsnæringer, kommunar i Rogaland 2014, årsverk à 1845 timer

6 VERDISKAPING OG SYSSELSETTING I LANDBRUKSBASERT VERKSEMD

6.1 Jordbruksbasert verksemd


Jordbruket i Rogaland har stor betydning for råvaretilgangen til næringsmiddelindustrien i fylket, samstundes som næringsmiddelindustrien er viktig for at jordbruket skal få avsetning for sine produkter. I 2014 sysselsette næringsmiddelindustrien 4 801 arbeidatarar i Rogaland, som er litt færre enn i 2011. Det totale talet på fylkesarbeidsplassar innan næringsmiddelindustrien, som avheng av jordbruket, er lågare fordi somme produsentar innan denne industrien anten baserer seg på råstoff frå andre næringar enn jordbruket og/eller hentar råstoffet utanfor fylket. Vår drøfting av tilknytinga næringsmiddelindustrien har til jordbruket, er basert på sysselsettingsstatistikk og ikkje på faktisk import/eksport av råstoff.

Vi vil innleie dette kapittelet med tal for arbeidsplassar og utvikling i sysselsetting i jordbruket og næringsmiddelindustrien. Deretter vil vi sjå nærmare på dei ulike tilknytingane næringsmiddelbransjen har til jordbruket. Fiskeforedlingsindustrien er en del av næringsmiddelindustrien, men er ikkje inkludert i det som nedanfor blir omtala som næringsmiddelindustrien, da den ikkje avheng av jordbruket. Vi ser også på utviklinga i sysselsetting i skogbruksbasert verksemd, annan landbruksbasert verksemd og avslutningsvis på verdiskapininga i den landbruksbaserte industrien som avheng av landbruket i Rogaland.

Figur 57 og figur 57 viser høvesvis fylkesfordelte og kommunefordelte tal for sysselsette innan næringsmiddelindustrien (ekskl. fiskeforedling) og jordbruket i 2014. Rogaland har nå flest sysselsette innan næringsmiddelindustrien av alle fylka med drygt 5 000 arbeidsplassar. I 2011 var det flest sysselsette i Oslo, og Rogaland hadde nest flest sysselsette. Rogaland har framleis flest sysselsette i jordbruket av alle fylka i landet, men det er færre enn det var i 2011.




Grønsaker i butikk Foto: © Erling Fløysand, NIBIO



Figur 57 Tal på sysselsette innan jordbruks- og næringsmiddelindustrien i fylka i Noreg i 2014 (per 4. kvartal). Fylkesfordelt og sortert etter arbeidsplassar i næringsmiddelindustrien. (Kjelde: SSB)


Stavanger har flest sysselsette i næringsmiddelindustrien med sine 1 300 arbeidsplassar. Hå har nest flest arbeidsplassar med 900 tilsette, men er kommunen med flest sysselsette i jordbruks- og næringsmiddelindustrien. Klepp har nest flest arbeidsplassar innan jordbruks- og næringsmiddelindustrien. Kommunane Time og Finnøy skil seg ut med betydelig fleire sysselsette innan jordbruks- og næringsmiddelindustrien. Fem kommunar i Rogaland har ingen tilsette i næringsmiddelindustrien og seks kommunar har færre en ti arbeidsplassar. Sett på regionnivå i Rogaland, er tyngda av arbeidsplassane både innan næringsmiddelindustri og jordbruk, på Jæren. Nesten 80 prosent av arbeidsplassane i næringsmiddelindustrien i Rogaland er på Jæren, og over halvparten av dei sysselsette innan jordbruks- og næringsmiddelindustrien. Ryfylke har nesten 20 prosent av arbeidsplassane i jordbruks- og næringsmiddelindustrien, men berre 4 prosent av dei tilsette i næringsmiddelindustrien.



Figur 58 Tal på sysselsette innan jordbruket og næringsmiddelindustrien i kommunar i Rogaland i 2014 (per 4. kvartal). Kommunefordelt og sortert etter arbeidsplassar i næringsmiddelindustrien. (Kjelde: SSB)

Prosentvis endring i tal sysselsette fra 2011 til 2014 i jordbruk og næringsmiddelindustri er presentert i figur 58 og figur 59.

Nasjonalt har sysselsettinga i næringsmiddelindustrien auka med ein prosent frå 2011 til 2014. På Veksten er ikkje jamt fordelt mellom fylka, nokre har hatt kraftig nedgang, medan heile 12 fylke har hatt sysselsettingsvekst dei siste tre åra. Dei fylka med meir enn 10 prosents vekst er Akershus, Nord-Trøndelag, Hedmark og Sør-Trøndelag. I Rogaland er sysselsettinga i næringsmiddelindustrien tilnærma stabil, berre 0,4 prosent vekst. Innan jordbruket har det dei seinare åra vore ein nedgang i sysselsetting nasjonalt på 11 prosent og den trenden har vore vedvarande i mange år. Tre fylke har sysselsettingsvekst, det er Aust-Agder, Finnmark og Telemark. I Rogaland har det vore en nedgang i sysselsette i jordbruket på heile 14 prosent.




Figur 59 Prosentvis endring i sysselsette innanfor jordbruket og næringsmiddelindustrien frå 2011 til 2014 (per 4. kvartal). Fylkesfordelt. (Kjelde: SSB)

Ni av kommunane i Rogaland har hatt sysselsettingsvekst i næringsmiddelindustrien i perioden 2011 til 2014, medan alle kommunane har hatt sysselsettingsnedgang i jordbruket i same periode. I absolutte tal er det veldig varierande kor mange arbeidsplassar det gjeld, små endringar kan gje store utslag. Men i Vindafjord, Gjesdal og Sandnes dreier det seg om ein auke på mellom 20-30 arbeidsplassar. Kommunen med den største auken sidan 2011 er Hå, med om lag 170 nye arbeidsplassar innan næringsmiddelindustrien, medan Sola har hatt ein kraftig nedgang på over 120 arbeidsplassar i same periode. Utviklinga blir påverka av store aktørar som Tine og Nortura, , men andre større aktørar som Fatland, Den Stolte Hane eller Goman kan òg gje store utslag.

I Kvitsøy og Haugesund har det dei tre siste åra vore ein sysselsettingsvekst på over 15 prosent innan jordbruket, men sidan det er så få tilsette i Kvitsøy dreier det seg i realiteten om ein arbeider.

I Utsira får det også enorme utslag at tre arbeidsplassar har blitt borte¹⁵. For nokre kommunar gir små endringar store relative utslag. Det er i utgangspunktet flest bønder på Jæren, og det er òg der den største absolutte nedgangen har skjedd. I løpet av dei tre siste åra har det blitt meir enn 300 færre sysselsette innan jordbruksproduksjonen.




Figur 60 Prosentvis endring i sysselsette innanfor jordbruksproduksjonen og næringsmiddelindustrien i kommunar i Rogaland frå 2011 til 2014 (per 4. kvartal). Kommunefordelt. (Kjelde: SSB)

Næringa si betyding for sysselsettinga i Rogaland kan målast ved hjelp av lokaliseringskvotientar. Lokaliseringkvotienten for ei næring gir eit uttrykk for ei næring si relative betyding i ein region i forhold til næringa si betyding på nasjonalt nivå. Om ei næring har ein lokaliseringskvotient på 1 er næringa si relative betyding like sterk som på nasjonalt nivå. Ein lokaliseringskvotient på 2 seier at det relativt sett er dobbelt så mange sysselsette som på landsbasis. Lokaliseringkvotienten for ei

¹⁵ Her er det eit avvik mellom statistikken frå SSB og våre berekningar for jordbruksproduksjonen. SSB er det registrert sysselsetting på hovudaktivitet, medan vi i våre berekningar har tatt utgangspunkt i den jordbruksproduksjonen som skjer i kommunen. For Utsira blir det derfor ikkje fanga opp at det er jordbruksproduksjon og sysselsetting i kommunen,


næring er med andre ord eit uttrykk for kor viktig næringa er for ein region sin (i dette høve fylke eller kommune).

I figur 60 ser ein lokaliseringskvotentane for jordbrukskretsen og næringsmiddelindustrien i 2014 for alle fylka i landet. Innan jordbrukskretsen skil fylka Nord-Trøndelag, Oppland, Sogn og Fjordane og Hedmark seg ut med sterkt overrepresentasjon. Næringsmiddelindustrien er også viktig i dei nemnde fylka og da spesielt Sogn og Fjordane og Hedmark. Det fylket kor næringsmiddelindustrien relativt sett er viktigast, er Finnmark. Til samanlikning var næringsmiddelindustrien relativt sett viktigast i Østfold i 2011.




Figur 61 Lokaliseringkvotentar for jordbrukskretsen og næringsmiddelindustrien i 2014. Fylkesfordelt og sortert etter lokaliseringskvotentar i næringsmiddelindustrien. (Kjelde: SSB og eiga utrekning)

Ser ein nærmare på kommunenivå i Rogaland (sjå figur 62) ser ein at jordbrukskretsen er relativt sett viktigast for kommunane Finnøy, Bjerkreim, Hjelmeland, Vindafjord og Hå, men det er også fleire kommunar i fylket kor landbrukskretsen relativt sett er viktigare enn elles i landet. Dei kommunane der jordbrukskretsen relativt sett er minst viktig er i Stavanger, Haugesund og Sola. Næringsmiddelindustrien er relativt sett viktigast i Hå, Vindafjord og Klepp.



Figur 62 Lokaliseringskvotientar for jordbruket og næringsmiddelindustrien i kommunar i Rogaland i 2014. Kommunefordelt og sortert etter lokaliseringskvotientar i næringsmiddelindustrien. (Kjelde: SSB og eiga utrekning)


I figur 63 ser ein korleis lokaliseringskvotentane fordeler seg på bransjenivå i næringsmiddelindustrien i Rogaland. Dette gir eit bilet av kva for bransjar som er viktigast i fylket. Bilete har ikkje endra seg stort sidan 2011. Det vil seie at produksjon av førvarer er den viktigaste bransjen relativt sett samanlikna med resten av Noreg saman med produksjon og foredling av kjøt og fjørfe. Men også produksjon av meierivarar og iskrem og bakeri- og pastavarar er relativt sett viktigare i Rogaland enn elles i landet. Den høge relative delen som er sysselsette i førproduksjon skuldas at jordbruket i Rogaland relativt sett er viktigare der enn elles i landet. I tillegg til at det er ein stor del førproduksjon til fiskeoppdrett i fylket. Den store delen foredling av kjøt og mjølk heng saman med den store delen kjøt- og mjølkeproduksjon i jordbruket i fylket.



Figur 63 Lokaliseringskvotientar for bransjar i Rogaland innan næringsmiddelindustrien i 2014. (Kjelde: SSB og eiga utrekning)

I figur 64 ser ein kor store dei ulike bransjane i næringsmiddelindustrien i Rogaland er i forhold til kvarandre. Produksjon av fôrvarer den fjerde viktigaste bransjen. Medan produksjon og foredling av kjøtt og fjørfe er den soleklart viktigaste næringsmiddelindustrien i Rogaland. Også produksjon av bakeri- og pastavarer og produksjon av meierivarer og iskrem er viktige for sysselsettinga i næringsmiddelindustrien i Rogaland.

Vekselverknaden mellom jordbruksnæringa og næringsmiddelindustrien er sentralt i dette prosjektet. Dette blir drøfta i dei neste avsnitta.



Figur 64 Bransjefordeling av sysselsette i næringsmiddelindustrien i Rogaland i 2014. (Kjelde: SSB)

Kjøtindustrien er framleis den viktigaste næringsmiddelindustrien i Rogaland med tanke på tal sysselsette, og at den er avhengig av jordbruksproduksjonen i fylket. Tal sysselsette i produksjon og foredling av kjøt og fjørfe har auka med 6 prosent sidan 2011, og sysselsett nå nesten 1 900. Her har veksten vært særleg sterk innan foredling av fjørfekjøt, kor blant anna Den Stolte Hane Jæren har hatt ein god vekst i tal tilsette. Ein annan produsent som òg har hatt god utvikling i tal sysselsette er Jæder i Ålgård. Den verkeleg store aktøren er Nortura på Forus med sine rundt 700 tilsette. Men òg Fatland er ein viktig kjøttvareprodusent i regionen med om lag 350 tilsette.

Meieribransjen er framleis den nest største bransjen i næringsmiddelindustrien med eit sterkt tilknyting til jordbruket i regionen. Her òg har det vore ein liten sysselsettingsvekst sidan 2011. Tine er framleis den største aktøren i fylket, til tross for at dei sidan 2011 har avvikla ein fabrikk på Voll, medan Q-meieriet på Jæren har hatt ein sysselsettingsvekst. Heile 750 arbeider med produksjon av meierivarar i Rogaland.

Totalt er det drygt 500 tilsette som arbeider med førproduksjon i Rogaland. Ein stor del av desse produserer fiskebasert fôr. Dei største produsentane av fiskebasert fôr er Skretting i Stavanger og Biomar på Karmøy. Dei sysselset til saman 203 tilsette i Rogaland. Dette kan ikkje reknast som jordbruksbasert verksemd. Dei andre førprodusentane, som Felleskjøpet, Rogaland pelsdyrfôrlag, Fiskå Mølle og Vestkorn Milling, kan ein gå utifrå at dei avheng av jordbruket lokalt.

Vi reknar med at produksjonen av stivelse, stivelsesprodukt og kornvarer, og foredling av frukt og grønt er avhengig av jordbruket i Rogaland. Alle desse har hatt ein nedgang i sysselsetting sidan 2011. I tillegg til næringsmiddelindustrien har vi inkludert engroshandel av frukt og grønt, kor vi antek at 73 arbeidsplassar er avhengig av jordbruket i Rogaland. Dette gjeld spesielt for potet- og fruktpakkeria og grønsaksforhandlarar med høgt innslag av lokale salsvarer. Vi har ikkje inkludert deler av Bama si verksemd, da vi reknar med at dei distribuerer ein stor del frukt og grønt frå andre regionar og utlandet.

Produksjon av ferdigmat var ikkje med ved berekningane i 2010, men er teke med no. Vi reknar at ferdigmatprodusenten Fjordkjøkken med sine om lag 140 tilsette, produserer mat med utgangspunkt i lokale råvarer. Det vil si at til saman 3 281 er tilsette innan næringsmiddelindustrien eller engrosverksemd som er avhengig av jordbruket i Rogaland. Det er ein vekst på nær 3 prosent frå 2011. Denne veksten skuldast først og fremst veksten i produksjon og foredling av kjøt og fjørfe.

Ei næring som historisk sett har vore den bransjen innan næringsmiddelindustrien med sterkest tilknyting til jordbruket er bakeribransjen og industriell produksjon av matkorn. I Rogaland er denne næringa den nest største i tal sysselsette etter kjøt- og meieribransjen, medan det er relativt få sysselsette innan matmjølproduksjon. Bakeria baserer seg sjølv sagt framleis på råstoff frå jordbruket, men antakeleg i liten grad frå Rogaland. Difor er ikkje bransjen inkludert blant dei føretaka som er avhengig av jordbruket i Rogaland. Vi har heller ikkje inkludert produksjon av iskrem, då vi veit at største delen av produksjonen til Diplomis er i Brevik og på Gjelleråsen og at dei som er sysselsette i Rogaland antakeleg arbeider meir i retning av handelsverksemd og dermed er ikkje aktiviteten deira avhengig av jordbruket i Rogaland.

Tabell 9 Oversikt over næringsmiddelindustrien og engroshandelen som er avhengig av råstoff fra Rogaland. 2014. (Kjelde: SSB og eiga utrekning)

Næring	2011	2014	Endr 2011-2014
10.1 Produksjon og foredling av kjøt og fjørfe	1 778	1 882	5,8 %
10.510 Produksjon av meierivarar	723	750	3,7 %
10.9 Produksjon av fôrvarer (ekskl. fiskebasert)	337 ¹⁶	323	-4,2 %
10.3 Foredling av frukt og grønsaker	74	62	-16,2 %
10.620 Produksjon av stive og stiveprodukt	42	29	-31,0 %
10.610 Produksjon av kornvarer	24	21	-12,5 %
46.310 Engroshandel med frukt og grønsaker	72 ¹⁷	73	1,4 %
10.850 Produksjon av ferdigmat ¹⁸	143	141	-1,4 %
Sum Rogaland	3 193	3 281	2,8 %
10.7 Bakeri- og pastavarer	865	868	0,3 %
Andre næringsmidlar ¹⁹	158	81	-48,7 %
Totalt jordbruksbasert	4 216	4 230	0,3 %

6.2 Skogbruksbasert verksemd

Rogaland er eit av dei fylka i landet med minst skogbruksareal. Skogbruket utgjer difor òg ein liten del av den samla næringsaktiviteten i fylket. I 2014 var det registrert 87 sysselsette i Rogaland innan skogbruk og tenester knytte mot skogbruket. Det har vore ein liten vekst sidan 2011 då 74 var sysselsett innan skogbruket. Nå er det berre Finnmark som har færre tilsette i skogbruket enn Rogaland, Troms har sidan 2011 fått fleire sysselsette innan skogbruket enn Rogaland. Hedmark er framleis det dominerande skogbruksfylket med sine nesten 1300 sysselsette, sidan 2011 har det vore ein vekst på nesten 200 sysselsette, og Hedmark har framleis om lag 20 prosent av dei tilsette innan skogbruket totalt i Noreg.

Arbeidsinnsatsen i skogbruket som er utført av skogeigar eller andre i familien inngår ikkje i sysselsettingsstatistikken med mindre skogeigar eller andre i familien hentar ut meir enn 50 prosent av samla inntekt frå skogbruket.


Kor viktig skogbruksnæringa er, som for jordbruksnæringa, målt ved hjelp av lokaliseringskvotientar. I Figur 66 viser lokaliseringskvotientar på fylkesnivå. Mange av kystfylka er prega av at skogbruket har lita betyding for næringslivet og sysselsettinga. Av fylka er det berre i Oslo at skogbruket har mindre betyding enn i Rogaland.

¹⁶ Talet for 2011 er justert opp samanlikna med rapporten frå 2013. Korrigert ned med til saman 196 tilsette, dvs Biomar på Karmøy og Skretting i Stavanger


¹⁷ Talet for 2011 er justert ned samanlikna med rapporten frå 2013. Korrigert med til saman 60 tilsette, dvs Bama Gjesdal og Sandnes.

¹⁸ Reknast nå som avhengig av jordbruksnæringa i Rogaland, i motsetnad til i rapporten frå 2013

¹⁹ Næringskodar: 10.412, 10.413, 10.420, 10.520, 10.810, 10.820, 10.830, 10.840, 10.850, 10.860, 10.890



Figur 65 Sysselsette i skogbruket og tenester tilknytte skogbruket. 4. kvartal 2014. (Kjelde: SSB)




Figur 66 Lokaliseringkvotientar i skogbruket. 4. kvartal 2014. (Kjelde: SSB og eiga utrekning)

Innan industrien kan ein seie at trelast-, trevare-, treforedling- og møbelproduksjon er avhengig av råstoff frå skogbruket. I tillegg er bioenerginæringa òg avhengig av råstoffet frå skogbruket. I nokre tilfelle kan dette vera restprodukt med låg alternativverdi eller vyrke som tidlegare ikkje har hatt kommersiell bruk som blir nytta som råstoff til energiproduksjon. I andre tilfelle vil råstoff til bioenergi vere i direkte konkurranse med alternative avsettingsformer som for eksempel masse-vyrke til papirindustrien, flis og spon til plateindustrien, byggjematerialar osv. Nærings- og sysselsettingsmessige konsekvensar av jordbruksleveransar til bioenerginæringa er vanskeleg å talfeste. Det kjem mellom anna av at effekten vil avhenge av om bioenergiproduksjonen kjem i tillegg til, eller i staden for, anna verksemde med utgangspunkt i same type råstoff. Vidare er det utfordrande å identifisere og avgrense bioenerginæringa med utgangspunkt i offentleg statistikk. I dei tilfella bioenerginæringa er ei tilleggsnæring innanfor eksisterande sektorar, er det ikkje mogleg å hente ut sysselsettingsstatistikk knytt til bioenergi. Dessutan er sysselsettingsstatistikken basert på standarden for næringsgruppering. Den har ikkje eigne kodar for produksjon og overføring av varmtvatn, damp og elektrisitet som er basert på bioenergi. For tre- og møbelindustri er det derimot mogleg å hente ut statistikk og påfølgjande tabell viser sysselsettinga i Rogaland i desse sektorane.

Tabell 10 Tal på sysselsette i verksemder i Rogaland som heilt eller delvis er avhengig av råstoff frå skogen og skogindustrien. 2014. (Kjelde: SSB)

	2011	2014	Endr 2011-2014
Trelast- og trevareindustri	1 341	1 252	-6,6 %
Produksjon av papirvarer	90	78	-13,3 %
Produksjon av møbler	234	188	-19,7 %
Sum	1 665	1 518	-8,8 %

Sysselsettinga innan trelast- og trevareindustrien har falt med 7 prosent berre sidan 2011 og sysselsett nå 1 252 arbeidarar i Rogaland. Innan trelast- og trevareindustrien er det flest tilsette innan produksjon av bygningsartiklar, men her òg har det vore eit fall i sysselsette sidan 2011. 50 er no sysselsette innan produksjon av ferdigmonterte hus, 29 er sysselsette i produksjon av trevare av kork og liknande materialar og 25 innan saging og anna behandling av tre. Framleis er det berre Hedmark som har fleire sysselsette innan trelast- og trevareindustrien enn Rogaland. Både produksjon av papir- og papirvarer og møbelindustrien er små industriar i Rogaland og det er òg her blitt færre sysselsette enn i 2011.



Figur 67 Sysselsette per 4. kvartal 2014 innan skogbruksbasert verksemd. Fylkesfordelt og sortert etter talet på sysselsette i trelast- og trevareindustrien. (Kjelde: SSB)

Sidan skogbruksnæringa er ei lita næring i Rogaland er det rimelig å tru at trevare-, treforedling- og møbelindustrien i liten grad avheng av leveransar av trevirke frå skogbruk og skogbruksindustrien i Rogaland. Og som tidligare nemnd er trelast- og trevareindustrien i Rogaland relativt stor samanlikna med andre fylke. Trevareindustrien er framleis dominert av vindauge- og dørprodusentane NorDan (500 tilsette i Rogaland) og Gilje (208 tilsette), som utgjer nesten 60 prosent av næringa, kor dei trebaserte råvarene importeraast frå andre områdar og verksemda er dermed uavhengig av trevirke frå eige fylke. Den einaste bransjen som kan vera avhengig av det lokale råstoffet frå skogbruksnæringa i fylke er sagbruka. Per 4 kvartal 2014 var det 25 tilsette i denne bransjen i fylket, bransjen er ikkje særleg stor og blir stadig mindre. Nasjonalt har det vore en nedgang i talet på sysselsette på 8 prosent sidan 2011. I Noreg er det totalt nesten 3 500 tilsette i denne bransjen, og det er Hedmark, Oppland og Vestfold som har flest sysselsette.

Innan treforedling er over halvparten av dei registrerte sysselsette tilsett i selskapet Skanem Stavanger, som produserer sjølvklebande etikettar. To andre aktørar som er av dei større, men som er relativt små samanlikna med Skanem Stavanger, er Norsk Etikett System og Nova-Print Stavanger. Dei sysselset til saman 25. Desse tre bedriftene høyrer til den vidareforedlande industrien, ikkje virkesforbrukande foredlingsindustri. Vidareforedlande verksemd i Rogaland er truleg i svært beskjeden grad avhengig av om det er tilgjengelig virke frå skogar i Rogaland.

Det er relativt få tilsette i dei bedriftene som inngår i møbelindustrien. Vi vil anta at møbelprodusentar reint generelt ikkje er avhengig av trevirke frå skogbruk eller skogindustri i Rogaland.

Vi går utifrå at trevirke berre nyttast i delar av produksjonen og at mykje av dette trevirket igjen er importert frå andre regionar eller utlandet. Dette er ei grov forenkling, då det er truleg at møbelprodusentar som baserer seg på lokalt trevirke og som vil kome dårlegare ut om dei må kjøpe inn virke frå andre. Det er også ein del tilrettelagde arbeidsplassar som reknast som bedrifter i møbelindustrien.

Oppsummert reknar vi at verken trevareindustrien, treforedlingsindustrien eller møbelindustrien er avhengig av virke frå skogen i Rogaland. Av desse er vi usikre på tilknytinga til deler av møbelindustrien og trevareindustrien, særleg innan sagbruksverksemd, men det er ganske få tilsette i desse bransjane.

6.3 Relatert verksemd

Det er ein del verksemd i Rogaland utover dei gjennomgåtte industrisektorane som vi vil tru har sin aktivitet lokalisert til fylket på grunn av landbruket. Vi tenkjer da først og fremst på FoU-basert næringsverksemd, undervisning og offentleg administrasjon som er landbruksbasert. I tabell 11 presenterer vi sysselsette i landbruksrådgiving og anna FoU-verksemd og undervisning. Aktiviteten er i stor grad retta mot jordbruksbasert verksemd. Tenester knytte til skogbruket, så som skogeigarforeiningar etc., er inkludert i sysselsettingstala for skogbruket. Ein del av rådgjevingsverksemda og FoU-arbeidet innan næringsmiddelindustri har vi for å unngå dobbeltteljing valt å ikkje ta med her, da arbeidsplassane gjerne er registrerte på produksjonseiningane og ligg inne i tala for sysselsette i næringsmiddelindustrien. Vi tenkjer då særleg på rådgjevingsverksemda til Tine og Nortura.

I Rogaland er det til saman 23 sysselsette i landbruksrådgjevinga. Anna FoU-verksemd er NIBIO sin aktivitet på Klepp, med 12 sysselsette. Undervisning gjeld Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB), samt landbruksfaglege-sysselsette innanfor naturbruk. Det gjeld Tveit vidaregåande skule, Øksnevad vidaregåande skule, vinterlandbruksskulen i Ryfylke og vinterlandbrukskulen på Jæren. Dei spesialiserte undervisningstilboda ved dei nemnde skulane hadde antakeleg ikkje vore der utan den sterke posisjonen landbruket har i fylket. Det er to vidaregåande skuler vi ikkje har fått inn tal for sysselsetting frå, og som difor manglar i tabellen under. Likevel er truleg talet på sysselsette for høgt, særleg innan undervisning, men truleg også innan andre sektorar. Basert på Kjelsbu mfl. (2009) reduserer vi også her talet på tilsette i denne sektoren med 20 prosent.

Tabell 11 Tal på sysselsette innan landbruksrelatert verksemd i Rogaland. 2016.

	Landbruksbasert
Landbruksrådgjeving og anna FOU-verksemd	35
Undervisning	14
Sum	44
Korrigert (-20 %)	35

I Rogaland er det også arbeidsplassar innan offentleg administrasjon og offentlege tenester som er sterkt relatert til landbruket. Finansieringa av desse arbeidsplassane er i stor grad gjennom statsbudsjettet og tilhøyrande kostnadsnøklar som viser behovet innan landbruket. I tabell 12 under er det gjort eit overslag på sysselsette innan offentleg administrasjon og tenester relatert til land-

bruket. Tala er noko underestimerte, då dei baserer seg på tal årsverk runda opp til nærmaste heile tal. Sysselsette i Mattilsynet, Innovasjon Noreg og Fylkesmannen er basert på opplysningar frå dei respektive institusjonane, medan tal sysselsette i kommunane er basert på data frå landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen.

Sidan 2011 har det vorte 4 fleire tilsette i Mattilsynet. I Innovasjon Noreg har det vore ei marginal nedjustering. Sysselsettinga i kommunane har gått litt ned, medan den hos Fylkesmannen har auka.


Tabell 12 Landbruksrelatert årsverk i offentleg verksemd og tenester i Rogaland. 2016.

	Jordbruks-relatert	Skogbruks-relatert	Tilleggs-nærer	Landbruks-relatert
Mattilsyn	69	0	0	69
Innovasjon Norge	3	0	0	3
Fylkesmannen	17	4	5	26
Kommunar	0	0	0	50
Sum	93	4	5	148

6.4 Verdiskaping i landbruksbasert industri som er avhengig av landbruket i Rogaland

I det følgjande har vi rekna verdiskapinga i landbruksbasert industri som kan seiast å vera avhengige av landbruket i Rogaland. Verdiskapinga er målt i bruttoprodukt. Dette er først og fremst utrekna med grunnlag i sysselsette innanfor landbruksbasert industri i Rogaland (sjå føregåande delkapittel).

Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert verksemd i Rogaland er estimert med utgangspunkt i sysselsetting som vi tidlegare i dette kapittelet har definert som avhengig av jordbruk og skogbruk i Rogaland. Det inneber at verdiskaping innanfor anna landbruksbasert verksemd, slik som til dømes landbruksrådgiving og undervisning, ikkje er inkludert. Resultatet frå utrekningane er vist i tabell 13 i kapittel 7. I kartet i figur 68 er bruttoprodukt for landbruksbasert industri presentert.



Figur 68 Verdiskaping målt som bruttoprodukt i landbruksbasert industri. Kommunar i Rogaland. 2014.
Kjelde: SSB og eiga utrekning

I tabell 13 i kapittel 7 vert mellom anna estimerte verdiar per kommune for samla verdiskaping (bruttoprodukt), verdiskaping frå landbruksbasert industri og kva den utgjer av verdiskapinga i kommunen, presenterte.

Verdiskapinga i den landbruksbaserte industrien som er avhengig av landbruket i Rogaland varierer mellom kommunane. Verdiskaping i landbruksbasert industri målt i kroner er framleis størst i Stavanger (766 mill.kr) følgt av kommunane Hå (631 mill.kr) og Klepp (368 mill.kr). Ser vi dette i samanheng med samla verdiskaping i kommunane, utgjer verdiskapinga i den landbruksbaserte industrien nesten 11 prosent i Hå kommune, som er en auke på nesten tre prosentpoeng frå 2010. Det skuldast blant anna at vi har inkludert ferdigmat som ein del av næringsmiddelinseindustrien som er avhengig av jordbruket i Rogaland, men òg den generelle verdiauka sidan 2010. Verdiskapinga i industrien som kan knytast til jordbruket, er på 6 prosent i Klepp og 5 prosent i Vindafjord. Landbruksbasert industri har relativt sett blitt mindre viktig i Vindafjord medan den i Gjesdal har blitt viktigare.

7 SAMLA VERDISKAPING I LANDBRUKET I ROGALAND

Samla verdiskaping i Rogaland i 2014 frå primærnæringane inkludert dei landbruksbaserte tilleggsnæringane, var på om lag 3 mrd. kroner, som er en auke på om lag 389 mill. kr frå 2010 (målt i 2014-kr)²⁰. Verdiskapinga i landbruksbasert industri var på 2,5 mrd. i 2014. Her har det sidan 2010 vore ein auke på omlag 374 mill. kr.

I tabell 13 har vi vist total verdiskaping per kommune målt i bruttoprodukt, samla verdiskaping frå jordbruket, skogbruket og tilleggsnæringar og verdiskapinga frå landbruksbasert industri som er avhengig av landbruket i Rogaland. Verdiskaping frå primærnæring og landbruksbasert industri som del av samla verdiskaping i kommunen er også vist i tabellen.

Framleis er Hå den største kommunen i primærproduksjon og nest størst i landbruksbasert industri (etter Stavanger) målt i bruttoprodukt. Samla verdiskaping i Hå frå desse næringane utgjer til saman 1,1 mrd. kr eller 20 prosent av verdiskapinga frå desse næringane i Rogaland. Verdiskapinga i primærnæringane i Hå utgjer 16 prosent av verdiskapinga i primærnæringane i Rogaland, tett etterfølgt av Klepp som står for 14 prosent av verdiskapinga.

Tabellen er sortert etter kor stor del av den samla verdiskapinga i kommunen som kjem frå landbruk eller landbruksbasert verksemد. Dei tre kommunane som har høgst del av den totale verdiskapinga frå desse næringane er Bjerkreim, Hå og Finnøy, med høvesvis 19, 19 og 18 prosent. Desse tre kommunane var også på topp i 2010. I kroner er verdiskapinga 7 ganger så stor i Hå som i Bjerkreim.

I Hå har landbruksbasert industri blitt viktigare for verdiskapinga i kommunen enn i 2010, og til saman utgjør den og primærnæringane 19 prosent av verdiskapinga. Ein anna kommune der primærnæringane og landbruksbasert industri er vesentleg, er Klepp der verdiskapinga utgjer 786 mill. kr. Verdiskapinga i Stavanger er marginalt høgare på 802 mill. kr.

Samla for Rogaland utgjer verdiskapinga i primærnæringane 1,4 prosent og den landbruksbaserte industrien 1,1 prosent altså til saman 2,5 prosent av den totale verdiskapinga i Rogaland. Det relative bidraget frå primærnæringane er marginalt lågare (0,1 prosentpoeng lågare), medan bidraget frå landbruksbasert industri er stabilt samanlikna med i 2010.


Aktiviteten i primærnæringa har ringverknad for andre sektorar gjennom underleveransar og dei tilsette sine kjøp av varer og tenester. I 2013 ble det gjennomført ein ringverknadsanalyse for Rogaland (Lerfald og Alnes, 2013) basert på tal frå 2010. Innanfor rammene av dette prosjektet er ikkje ein oppdatering av ringverknadsanalysen prioritert, då ein slik oppdatering vil ha liten verdi dersom det ikkje har skjedd store, reelle endringar i perioden. Frå analysen i 2013 fant vi ein sysselsettingsmultiplikator på 1,23 i andre næringar når ein la til grunn avhengnad til primærnæringa (jordbruk, skogbruk og tilleggsnæring) gjennom heile verdikjeda (foredlingsindustri, tenesteyting, eksportindustri og offentleg forvaltning).

²⁰ I 2010 vart ikkje verdiskaping frå landbruksbasert tilleggsnæring berekna på kommunenivå, og er ikkje med i dette talet. I 2014 er verdiskapinga frå tilleggsnæringane berekna til 172,1 mill. kr.


Tabell 13 Samla verdiskaping i primærnæringane og landbruksbasert industri målt i bruttoprodukt.
 Sortert avtakande etter del av bruttoprodukt av kommunane sine samla bruttoprodukt.
 Kommunar i Rogaland. 2014. Kjelde: SSB og eiga utrekning

	Brutto- produkt kommune (mill.kr)	Brutto- produkt primær- næring (jord- og skogbruk og tilleggsnæring) (mill.kr)		Brutto- produkt landbruks- basert industri (mill.kr)		Brutto- produkt primær- næring og landbruks- basert industri (mill.kr)	
		Del av brutto- produkt kommune		Del av brutto- produkt kommune		Del av brutto- produkt kommune	
Bjerkreim	827	155	19 %	5	1 %	160	19 %
Hå	5 814	488	8 %	631	11 %	1 118	19 %
Finnøy	1 053	183	17 %	2	0,2 %	185	18 %
Klepp	6 330	418	7 %	368	6 %	786	12 %
Rennesøy	847	100	12 %	2	0,3 %	102	12 %
Hjelmeland	1 043	118	11 %	0	0 %	118	11 %
Vindafjord	3 954	206	5 %	202	5 %	408	10 %
Forsand	445	33	7 %	0	0 %	33	7 %
Bokn	222	16	7 %	0	0 %	16	7 %
Gjesdal	2 710	112	4 %	80	3 %	192	7 %
Suldal	2 023	99	5 %	0	0 %	99	5 %
Lund	1 173	51	4 %	2	0,2 %	54	5 %
Strand	3 431	63	2 %	71	2 %	134	4 %
Time	5 856	225	4 %	0	0 %	225	4 %
Tysvær	3 993	120	3 %	15	0,4 %	135	3 %
Eigersund	5 202	85	2 %	83	2 %	169	3 %
Sokndal	1 173	23	2 %	0	0 %	23	2 %
Randaberg	3 013	59	2 %	1	0 %	60	2 %
Kvitsøy	278	5	2 %	0	0 %	5	2 %
Utsira	84	1	1 %	0	0 %	1	1 %
Sauda	1 670	22	1 %	0	0 %	22	1 %
Sandnes	32 953	230	1 %	110	0,3 %	341	1 %
Stavanger	82 699	35	0 %	766	1 %	802	1 %
Karmøy	12 291	84	1 %	26	0,2 %	110	1 %
Sola	28 901	126	0,4 %	98	0,3 %	224	1 %
Haugesund	18 135	7	0 %	52	0,3 %	60	0,3 %
Sum	226 123	3 066	1,4 %	2 515	1,1 %	5 581	2,5 %

I dei neste karta kan en sjå verdiskapinga frå primærnæringane og landbruksbasert industri, både det reelle og det relative bidraget.



Figur 69 Samla bruttoprodukt frå primærnæringane (jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringer) og frå landbruksbasert industri (mill. kr). Kommunar i Rogaland. 2014. Kjelde: SSB og eiga utrekning



Figur 70 Del av bruttoprodukt frå primærnæring og landbruksbasert industri av kommunane sine bruttoprodukt (prosent). 2014. Kjelde: SSB og eiga utrekning

KJELDER

Budsjett nemnda for jordbruket. 2015. Totalkalkylen for jordbruket.

http://nilf.no/statistikk/totalkalkylen/2016/BMgrupper/Totalkalkylen-alle_poster

Godli, O., Haglerød, A., Wågbø, O., Rusaanes, O.K., 1999. Totaltall for landbrukssektoren på fylkesnivå. NILF-rapport 1999-9. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.

Kjesbu, E., Sand, R., Sjelmo, O., 2009. Landbrukets økonomiske betydning i Trøndelag. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo. NILF-rapport 2009-3.

Knutsen, H., Haukås, T., Olsen, A. T., Berger, M., Lerfald M. og Alnes, P.K., 2015a. Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert verksemd i Hordaland. NILF-notat 2015-12. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning.

Knutsen, H., Haukås, T., Olsen A. T., Berger, M., Lerfald M. og Alnes, P.K., 2015b. Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert verksemd i Sogn og Fjordane. NILF-notat 2015-13. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning.

Knutsen, H., Lerfald, M., Øvren, E., Paulsen, S. K. R. ,Alnes, P. K. 2013a. *Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert virksomhet i Telemark.* NILF-notat 2013-13. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.

Knutsen, H., Lerfald, M., Øvren, E., Paulsen, S. K. R. ,Alnes, P. K. 2013b. *Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert virksomhet i Buskerud.* NILF-notat 2013-14. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.

Knutsen, H. og Haukås T.2012. Verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar i Rogaland. NILF-notat 2012-19. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning.

Lerfald M. og Alnes, P.K 2013. Rogaland; ringvirkningsanalyse landbruk og landbruksbasert virksomhet. ØF-rapport 3/2013. Østlandsforskning

Lerfald, M., Lien, G., Alnes, P.K., Sand, R., Stokke, K.F., Rye, S.K.P. 2012a. Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert virksomhet i Oppland. NILF-rapport nr. 2012-1. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.

Landbruksdirektoratet. PT-900. Søknadsomgangane 131420, 141510 og 141520.

Landbruksdirektoratet. PT-910. Jordbruksareal i drift og antall søkere pr. 31.7.

Lien, G., Lerfald, M., Alnes, P.K., Sand, R., Stokke, K.F., Rye, S.K.P. 2012b. Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert virksomhet i Hedmark. NILF-rapport nr. 2012-2. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.

Lien, G., Skarsem, K., Ørbeck, M., Stornes, O.K. 2004. Verdiskaping og sysselsetting i Hedmarksjordbruket. NILF-notat 2004-10. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo. NIBIO/NILF (fleire årgangar). Handbok for driftsplanlegging

Statistisk sentralbyrå. 2016. Spesialkjøring frå landbrukstellinga 2009/2010

Statistisk sentralbyrå. 2014 <http://www.ssb.no/nasjonalregnskap-og-konjunkturer/begreper-i-nasjonalregnskapet#Bruttoprodukt>

Statistisk sentralbyrå. 2013. Notater 2013/27 Landbrukstelling 2010. <http://www.ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/artikler-og-publikasjoner/landbrukstelling-2010>

Statistisk sentralbyrå. Statistikkbanken (a) Tabell 03312: Jordbruksbedrifter. www.ssb.no/statistikkbanken

Statistisk sentralbyrå. Statistikkbanken (b). Tabell 08808: Jordbruksbedrifter med andre næringar, etter tilleggsnæring (K). www.ssb.no/statistikkbanken

Statistisk sentralbyrå. Statistikkbanken (c) Tabell 10276: Jordbruksbedrifter med tilleggsnæringar (F). www.ssb.no/statistikkbanken

Zahirovic, E. 2012. Beregningene av næringene jordbruk og skogbruk i nasjonalregnskapet. SSB-notat 17/2012. Statistisk sentralbyrå, Oslo-Kongsvinger

VEDLEGG

Vedlegg 1 Hovudtal frå modellen for berekning av verdiskaping frå jordbruket i Rogaland

Vedlegg 2 Bruttoprodukt jordbruk etter driftsform og kommune, mill. kr

Vedlegg 3 Sysselsetting jordbruk etter driftsform og kommune, årsverk à 1845 timer

Vedlegg 4 Skogbruket. Kommunar i Rogaland

Vedlegg 1 Hovudtal frå modellen for berekning av verdiskaping frå jordbruket i Rogaland

	Bruk i modellen	Einingar i fylket	Marknads- inntekter	Tilskot komm	Produksjons- inntekter
Mjølkeproduksjon, ku	1 374	40 054	2 050 411 385	660 094 888	2 710 506 272
Mjølkeproduksjon, geit	11	1 285	6 938 214	8 575 098	15 513 312
Kjøtproduksjon ammeku	395	9 259	194 042 642	153 316 464	347 359 106
Sauenhald	1 341	213 010	419 221 568	541 307 891	960 529 459
Svinehald	586	32	1 093 794 981	85 654 181	1 179 449 163
Egg	171	677 809	362 543 300	18 509 623	381 052 923
Fjørfekjøt	124	14 245 655	390 153 698	4 652 132	394 805 830
Frukt og bær	32	1 295	22 758 756	6 773 205	29 531 961
Korn	76	18 604	21 359 949	8 073 230	29 433 179
Grønsaker og potet	111	15 187	199 584 584	11 551 894	211 136 479
Veksthus og planteskole	79	15 700 225	481 789 040	22 595 306	504 384 346
Pelsdyr	-	-	-	-	-
Birøkt	51	2 125	3 470 125	1 084 711	4 554 836
Sum	4 350		5 246 068 243	1 522 188 624	6 768 256 866

	Kostnader leigd hjelpe	Kostnader jordleige	Avskrivningar	Sum kostnader jordbruk	Drifts- overskot	Fam arb på nyanl.	Arb.forbr. um J, årsverl	Brutto- produkt	Netto- produkt
Mjølkeproduksjon, ku	176 712 019	54 646 009	306 530 141	2 062 149 328	648 356 945	5 883 860	2 625	1 192 128 974	885 598 833
Mjølkeproduksjon, geit	840 416	62 010	2 219 880	8 981 180	6 532 132	-	19	9 654 437	7 434 558
Kjøtproduksjon ammeku	39 464 568	8 850 919	45 604 876	311 845 075	35 514 031	-	415	129 434 395	83 829 518
Sauenhald	77 877 072	9 146 744	110 123 449	763 960 270	196 569 189	2 229 172	1 536	395 945 627	285 822 177
Svinehald	58 010 177	-	113 779 137	1 049 998 953	129 450 209	-	639	301 239 524	187 460 386
Egg	21 385 096	121 506	44 022 316	338 833 981	42 218 943	-	161	107 747 861	63 725 544
Fjørfekjøt	8 929 945	-	30 285 881	355 313 052	39 492 779	-	95	78 708 605	48 422 724
Frukt og bær	2 787 806	115 499	1 844 404	12 350 012	17 181 949	32 597	41	21 962 256	20 117 852
Korn	90 204	784 830	4 786 330	23 558 566	5 874 613	-	23	11 535 976	6 749 646
Grønsaker og potet	23 468 454	9 083 213	13 916 394	146 453 990	64 682 489	-	188	111 150 549	97 234 155
Veksthus og planteskole	131 014 875	119 444	29 939 083	416 142 165	88 242 181	-	523	249 315 583	219 376 500
Pelsdyr	-	-	-	-	-	-	143	112 414 034	96 519 569
Birøkt	-	-	425 000	2 603 125	1 951 711	-	10	2 376 711	1 951 711
Sum	540 580 632	82 930 174	703 476 891	5 492 189 697	1 276 067 170	8 145 630	6 418	2 723 614 530	2 004 243 174

Vedlegg 2 Bruttoprodukt jordbruk etter driftsform og kommune, mill. kr

	Mjølk, ku	Mjølk, geit	Kjøtprod. ammeku	Sauet- hald	Svine- hald	Egg	Fjørfekjø t	Frukt og bær	Korn	Grøn- saker og potet	Vekst- hus og planete- skole	Pelsdyr	Birøkt	Sum
Egersund	29,05	-	10,51	28,90	0,38	0,72	1,49	0,26	0,04	0,01	-	1,24	0,39	72,99
Sandnes	104,05	-	6,41	25,28	10,14	5,96	9,11	1,12	1,06	5,18	23,14	14,40	0,06	205,92
Stavanger	12,93	-	2,10	1,29	2,21	1,37	0,66	0,46	0,51	3,73	7,03	-	-	32,29
Haugesund	1,79	-	1,62	2,39	-	0,00	-	-	0,00	-	-	-	0,01	5,80
Sokndal	5,13	-	1,95	8,45	0,17	0,71	0,73	-	0,01	-	-	-	0,17	17,31
Lund	17,24	-	8,58	8,16	1,56	0,63	1,00	0,02	0,00	0,01	-	0,88	0,13	38,22
Bjerkreim	77,20	2,67	5,28	36,58	4,49	1,42	0,91	0,09	0,13	0,12	-	4,82	0,18	133,91
Hå	243,83	-	10,89	23,50	76,05	11,12	17,57	0,04	1,41	24,06	38,03	27,09	0,25	473,85
Klepp	145,82	-	6,04	3,64	61,32	23,97	11,77	0,17	3,73	40,19	75,52	35,86	-	408,04
Time	114,71	0,80	8,11	22,57	33,76	13,20	4,32	-	1,31	1,69	4,62	3,38	0,15	208,63
Gjesdal	51,15	2,01	9,00	22,37	6,18	0,71	4,37	0,35	0,00	-	-	3,52	0,02	99,67
Sola	40,23	-	2,87	4,56	15,39	5,15	6,89	6,33	2,44	11,83	20,23	5,69	-	121,61
Randaberg	19,28	-	1,01	2,06	5,70	2,07	3,13	0,02	0,52	21,79	-	-	-	55,57
Forsand	11,60	-	1,46	8,75	-	0,69	-	0,08	0,00	0,01	0,05	2,48	-	25,12
Strand	21,71	-	2,30	14,49	4,23	4,01	0,69	0,90	0,00	0,04	1,55	-	0,05	49,96
Hjelmeland	28,39	-	3,28	21,57	14,29	4,83	2,91	8,91	0,09	0,04	0,87	3,48	0,02	88,68
Suldal	23,24	1,62	3,08	22,08	4,61	1,97	0,00	0,83	0,00	0,05	-	-	0,08	57,56
Sauda	1,73	-	1,09	5,97	2,77	0,71	-	-	0,00	0,01	-	-	-	12,28
Finnøy	47,05	-	4,36	17,88	7,12	19,74	9,32	1,24	0,00	0,05	52,91	4,49	-	164,16
Rennesøy	33,71	-	6,05	22,21	7,06	2,74	3,56	0,17	0,25	0,37	16,88	1,73	-	94,74
Kvitsøy	2,36	-	0,17	2,12	0,65	-	-	-	0,00	-	-	-	-	5,30
Bokn	4,28	-	2,46	6,02	1,83	0,00	-	-	0,00	-	-	-	0,01	14,59
Tysvær	38,83	-	12,76	25,30	14,01	1,93	0,00	0,23	0,00	0,03	0,63	3,12	0,51	97,34
Karmøy	23,60	-	8,06	27,95	7,64	3,64	-	0,21	0,02	1,62	0,16	-	0,33	73,23
Utsira	-	-	0,48	0,60	-	-	-	-	0,00	-	-	-	-	1,08
Vindafjord	93,23	2,56	9,51	31,27	19,65	0,45	0,27	0,54	0,00	0,32	7,71	0,23	0,01	165,75
Rogaland	1 192,13	9,65	129,43	395,95	301,24	107,75	78,71	21,96	11,54	111,15	249,32	112,41	2,38	2 723,61

Vedlegg 3 Sysselsetting jordbruk etter driftsform og kommune, årsverk à 1845 timer

	Kjøtprod										Grøn- saker og potet	Vekst- hus og plante- potet	Pelsdyr	Birøkt	Sum
	Mjølk, ku	Mjølk, geit	.	Sauet- ammeku	Svine- hald	Egg	Fjørfekjøt	Frukt og bær	Korn						
Eigersund	29,05	-	10,51	28,90	0,38	0,72	1,49	0,26	0,04	0,01	-	1,24	0,39	72,99	
Sandnes	104,05	-	6,41	25,28	10,14	5,96	9,11	1,12	1,06	5,18	23,14	14,40	0,06	205,92	
Stavanger	12,93	-	2,10	1,29	2,21	1,37	0,66	0,46	0,51	3,73	7,03	-	-	32,29	
Haugesund	1,79	-	1,62	2,39	-	0,00	-	-	0,00	-	-	-	0,01	5,80	
Sokndal	5,13	-	1,95	8,45	0,17	0,71	0,73	-	0,01	-	-	-	0,17	17,31	
Lund	17,24	-	8,58	8,16	1,56	0,63	1,00	0,02	0,00	0,01	-	0,88	0,13	38,22	
Bjerkreim	77,20	2,67	5,28	36,58	4,49	1,42	0,91	0,09	0,13	0,12	-	4,82	0,18	133,91	
Hå	243,83	-	10,89	23,50	76,05	11,12	17,57	0,04	1,41	24,06	38,03	27,09	0,25	473,85	
Klepp	145,82	-	6,04	3,64	61,32	23,97	11,77	0,17	3,73	40,19	75,52	35,86	-	408,04	
Time	114,71	0,80	8,11	22,57	33,76	13,20	4,32	-	1,31	1,69	4,62	3,38	0,15	208,63	
Gjesdal	51,15	2,01	9,00	22,37	6,18	0,71	4,37	0,35	0,00	-	-	3,52	0,02	99,67	
Sola	40,23	-	2,87	4,56	15,39	5,15	6,89	6,33	2,44	11,83	20,23	5,69	-	121,61	
Randaberg	19,28	-	1,01	2,06	5,70	2,07	3,13	0,02	0,52	21,79	-	-	-	55,57	
Forsand	11,60	-	1,46	8,75	-	0,69	-	0,08	0,00	0,01	0,05	2,48	-	25,12	
Strand	21,71	-	2,30	14,49	4,23	4,01	0,69	0,90	0,00	0,04	1,55	-	0,05	49,96	
Hjelmeland	28,39	-	3,28	21,57	14,29	4,83	2,91	8,91	0,09	0,04	0,87	3,48	0,02	88,68	
Suldal	23,24	1,62	3,08	22,08	4,61	1,97	0,00	0,83	0,00	0,05	-	-	0,08	57,56	
Sauda	1,73	-	1,09	5,97	2,77	0,71	-	-	0,00	0,01	-	-	-	12,28	
Finnøy	47,05	-	4,36	17,88	7,12	19,74	9,32	1,24	0,00	0,05	52,91	4,49	-	164,16	
Rennesøy	33,71	-	6,05	22,21	7,06	2,74	3,56	0,17	0,25	0,37	16,88	1,73	-	94,74	
Kvitsøy	2,36	-	0,17	2,12	0,65	-	-	-	0,00	-	-	-	-	5,30	
Bokn	4,28	-	2,46	6,02	1,83	0,00	-	-	0,00	-	-	-	0,01	14,59	
Tysvær	38,83	-	12,76	25,30	14,01	1,93	0,00	0,23	0,00	0,03	0,63	3,12	0,51	97,34	
Karmøy	23,60	-	8,06	27,95	7,64	3,64	-	0,21	0,02	1,62	0,16	-	0,33	73,23	
Utsira	-	-	0,48	0,60	-	-	-	-	0,00	-	-	-	-	1,08	
Vindafjord	93,23	2,56	9,51	31,27	19,65	0,45	0,27	0,54	0,00	0,32	7,71	0,23	0,01	165,75	
Rogaland	1 192,13	9,65	129,43	395,95	301,24	107,75	78,71	21,96	11,54	111,15	249,32	112,41	2,38	2 723,61	

Vedlegg 4 Skogbruket. Kommunar i Rogaland

	Tømmer for sal	Tømmer til eige bruk	Ved til sal og eige bruk	Juletre og pyntegrønt	Jakt	Nettobil vekest	Skogprodukt i alt	Produksjon av tjenester for skogbruket	Verdien av eige arbeid ved skogkultur og ved bygging av skogsvegar	Sum inntekt	Produkt-innsats	Bruttoprodukt i skogbruket, 1000 kr	Bruttoprodukt i skogbruket, mill. kr.
Rogaland	41 184	506	12 250	82 531	7 179	38 763	182 412	21 028	1 611	205 051	34 653	170 398	170,4
Eigersund	748	9	227	4 046	226	1 951	7 207	382	29	7 618	629	6 988	7,0
Sandnes	2 817	36	864	8 091	214	965	12 987	1 438	110	14 536	2 370	12 166	12,2
Stavanger	-	2	58	809	126	77	1 072	-	-	1 072	-	1 072	1,1
Haugesund	95	1	31	-	124	571	823	48	4	875	80	795	0,8
Sokndal	-	-	-	1 618	187	1 652	3 457	-	-	3 457	-	3 457	3,5
Lund	600	8	189	4 855	254	2 622	8 528	306	23	8 858	505	8 353	8,4
Bjerkreim	43	1	16	6 473	235	2 898	9 665	22	2	9 689	36	9 652	9,7
Hå	130	2	42	809	160	427	1 571	66	5	1 642	109	1 533	1,5
Klepp	119	2	39	1 618	120	65	1 962	61	5	2 027	100	1 927	1,9
Time	2 776	43	1 031	5 664	145	-	9 658	1 417	109	11 184	2 336	8 848	8,8
Gjesdal	478	7	160	1 618	203	1 758	4 224	244	19	4 486	402	4 084	4,1
Sola	32	0	11	-	117	43	203	16	1	221	27	194	0,2
Randaberg	-	-	-	1 618	123	15	1 756	-	-	1 756	-	1 756	1,8
Forsand	377	5	125	1 618	308	2 335	4 768	192	15	4 975	317	4 658	4,7
Strand	1 769	23	546	4 046	176	1 609	8 168	903	69	9 140	1 488	7 652	7,7
Hjelmeland	9 692	115	2 783	7 282	532	169	20 572	4 949	379	25 900	8 155	17 745	17,7
Suldal	9 791	105	2 537	5 664	1 660	7 702	27 458	4 999	383	32 840	8 238	24 602	24,6
Sauda	4 330	51	1 248	809	167	345	6 951	2 211	169	9 331	3 643	5 688	5,7
Finnøy	948	14	341	8 900	205	851	11 259	484	37	11 780	798	10 983	11,0
Rennesøy	500	10	242	809	110	-	1 672	255	20	1 947	421	1 526	1,5
Kvitsøy	-	-	-	-	98	-	98	-	-	98	-	98	0,1
Bokn	21	0	7	-	115	168	311	11	1	323	18	305	0,3
Tysvær	978	14	329	5 664	443	5 217	12 644	499	38	13 181	823	12 358	12,4
Karmøy	160	3	75	1 618	223	1 085	3 164	82	6	3 252	135	3 118	3,1
Utsira	-	-	-	-	98	-	98	-	-	98	-	98	0,1
Vindafjord	4 780	56	1 353	8 900	808	6 239	22 136	2 441	187	24 764	4 022	20 742	20,7

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) ble opprettet 1. juli 2015 som en fusjon av Bioforsk, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) og Norsk institutt for skog og landskap.

Bioøkonomi baserer seg på utnyttelse og forvaltning av biologiske ressurser fra jord og hav, fremfor en fossil økonomi som er basert på kull, olje og gass. NIBIO skal være nasjonalt ledende for utvikling av kunnskap om bioøkonomi.

Gjennom forskning og kunnskapsproduksjon skal instituttet bidra til matsikkerhet, bærekraftig ressursforvaltning, innovasjon og verdiskaping innenfor verdikjedene for mat, skog og andre biobaserte næringer. Instituttet skal levere forskning, forvaltningsstøtte og kunnskap til anvendelse i nasjonal beredskap, forvaltning, næringsliv og samfunnet for øvrig.

NIBIO er eid av Landbruks- og matdepartementet som et forvalningsorgan med særskilte fullmakter og eget styre. Hovedkontoret er på Ås. Instituttet har flere regionale enheter og et avdelingskontor i Oslo.